

# Årsrapport 2008



Post- og teletilsynet

<b>INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
<b>STRATEGISK HOVUDMÅL 1.....</b>	<b>4</b>
FULLSTENDIG OG OPPDATERT REGELVERK .....	4
LA BRANSJENORMER ELLER MARKNADSKREFTENE VERKE .....	5
FØRE KONTROLL MED LOVER, FORSKRIFTER OG KONSESJONSVILKÅR.....	8
RASK OG EFFEKTIV SAKSHANDSAMING.....	8
EVALUERING AV SENTRALE VEDTAK OG UTFØRT TILSYNS- OG KONTROLLARBEID.....	9
MARKNADSKONTROLL AV RADIO- OG TERMINALUTSTYR .....	9
<b>STRATEGISK HOVUDMÅL 2.....</b>	<b>10</b>
KOMMUNIKASJON MED ALLE PARTAR I MARKNADEN.....	10
AKTIVT UT MED INFORMASJON OG FAGLEGE PREMISSAR .....	10
SAMARBEIDE OG VERE RÅDGIVAR .....	12
UTARBEIDE STATISTIKK.....	14
MEDVERKE TIL Å FREMME NORSKE INTERESSER INTERNASJONALT.....	14
EVALUERE EFFEKTANE AV INTERNASJONAL DELTAKING .....	16
SIKRE EIT BREITT KOMPETANSETILFANG, AUKA KVALITET PÅ AVGJERDENE.....	16
BENCHMARKING .....	17
<b>STRATEGISK HOVUDMÅL 3.....</b>	<b>17</b>
FREKVENSFORVALTING .....	17
NUMMERFORVALTING .....	20
DOMENENAMN OG ELEKTRONISKE SERTIFIKAT/SIGNATURAR .....	20
DELTA I OG HA ANSVAR FOR STANDARDISERINGSARBEID .....	21
<b>STRATEGISK HOVUDMÅL 4.....</b>	<b>22</b>
KARTLEGGJE RISIKOFATORAR OG KONSEKVENSAR AV MANGLANDE TILTAK.....	22
TA I VARE TRYGGLEIK OG BEREDSKAP FOR SAMFUNNSKRITISKE TELETELENESTER .....	23
SYNLEGGJERE RESULTAT .....	23
<b>STRATEGISK HOVUDMÅL 5.....</b>	<b>24</b>
TALET PÅ KVINNER I LEINGA.....	24
REKRUTTERING, OPPLÆRING OG PERSONALUTVIKLING .....	24
REPRESENTATIVT UTVAL .....	24
INTERNKONTROLL.....	24
EVALUERING AV RESSURSBRUK.....	24
<b>ANNA RAPPORTERING .....</b>	<b>25</b>
<b>ØKONOMI.....</b>	<b>25</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>30</b>

## Innleiing

Årsrapporten for Post- og teletilsynet (PT) 2008 er skriven med utgangspunkt i tildelingsbrevet av 21. desember 2007 frå Samferdselsdepartementet (SD).

*"PT skal bidra til å sikre gode, rimelege og framtidsretta elektroniske kommunikasjonstenester. PT skal og bidra til å sikre eit landsdekkjande formidlingstilbod av postsendingar til rimeleg pris og til god kvalitet. PT skal sørge for effektiv bruk av ressursane i samfunnet ved å legge til rette for berekraftig konkurranse og stimulere til næringsutvikling og innovasjon på områda for post (utanfor einerettsområdet) og telekommunikasjon."*  
(Frå tildelingsbrevet)

For å sikre at dei overordna måla best kan målast, er det sett opp fem strategiske hovudmål for PT, og i rapporten vert det rapportert for kvart mål og delmål under desse.

Dei fem hovudmåla er:

- 1) *PT skal gjennomføre nødvendig og føremålstenleg regulering og sørge for at aktørane oppfyller gjeldande regelverk på post- og teleområdet.*
- 2) *PT skal vere ein offensiv, synleg og hyttande aktør og drive aktivt informasjonsarbeid i marknaden.*
- 3) *PT skal sørge for effektiv og framtidsretta ressursforvalting, ved kontinuerleg å tilpasse reguleringa i tråd med samfunnsbehov og utviklinga på marknaden og av teknologien.*
- 4) *PT skal legge til rette for robuste teletenester, slik at samfunnet kan fungere best mogleg i alle situasjonar.*
- 5) *PT skal i kraft av sin fagkompetanse, personalsamansetjing og gjennom effektive interne rutinar yte god service som sakkunnig innafor post- og teleområdet.*

Post- og teletilsynet, 25. februar 2009

Postboks 93  
4791 Lillesand

Nettadresse: [www.npt.no](http://www.npt.no)  
E-post: [firmapost@npt.no](mailto:firmapost@npt.no)

# Strategisk hovudmål 1

PT skal gjennomføre nødvendig og føremålstenleg regulering og sørge for at aktørane oppfyller gjeldande regelverk på post- og teleområdet.

## Fullstendig og oppdatert regelverk

**Delmål 1.1:** Post- og teletilsynet skal bidra til at regelverket er nyttig ut frå føremålet, at det er oversiktleg, fullstendig og oppdatert, og i sakshandsaminga skal tilsynet kontinuerleg vurdere korleis føremålet med regelverket best kan oppnåast til alle tider.

### SMP-arbeidet

Dersom det vert utpeika ein eller fleire tilbydarar med sterk marknadsstilling, skal PT påleggje tilbydarane med sterk marknadsstilling ei eller fleire særskilde plikter. Dette skjer etter ei konkret vurdering av ulike moglege verkemiddel med bakgrunn i marknadsanalysen og med ein avgrensa tidshorisont framover. PT vil i denne prosessen særleg ta omsyn til den tenkte konkurransestimulerande effekten av dei relevante verkemidla. ESA publiserte i 2008 si reviderte tilråding, der talet på marknader er redusert frå atten til sju. For marknader som er fjerna frå tilrådinga, må PT gjere ein ny analyse før ei eventuell regulering kan opphevast.

### Terminering i fastnett (tidlegare marknad 9)

Lyse Tele AS (Lyse) inngjekk ei samtrafikkavtale med Telenor i 2007 og vart dermed ein tilbydar av terminering i fastnett. PT utpeika 8. april Lyse som tilbydar med sterk marknadsstilling i marknaden for terminering i eige fastnett (tidlegare marknad 9) og påla Lyse særskilde plikter, mellom anna krav om å ha rimelege termineringsprisar. Lyse klaga på vedtaket, men SD stadfestar 22. oktober 2008 vedtaket til PT.

PT gjorde 8. april vedtak om plikt for tilbydarar av terminering i fastnett til å kjøpe terminering frå andre tilbydarar. Føremålet var å sikre alle-til-alle kommunikasjon. Telenor klaga på den delen av vedtaket som gjaldt plikta til å kjøpe terminering frå uregulerte tilbydarar. SD tok klaga frå Telenor til følge og oppheva 4. desember 2008 denne delen av vedtaket til PT.

### Terminering av tale i mobilnett (tidlegare marknad 16)

PT har i 2008 gjort analysar av nye tilbydarar i marknadene for terminering av tale i mobilnett (tidlegare marknad 16) som ikkje var omfatta av PT sitt vedtak av 8. mai 2007. Dette gjeld Network Norway og MVNO-ane Ventelo og Barablu. PT gjorde vedtak 17. november 2008 der desse tre tilbydarane vart utpeika til å ha ei sterk marknadsstilling og pålagde særskilde forpliktingar. Samtidig fastsette PT ny prisregulering for Tele2, etter at SD oppheva prisreguleringa som var pålagt av PT og sende saka tilbake til PT for ny vurdering. Tilsynet presiserte også innhaldet i kravet om rimeleg pris for MTU og TDC. Vedtaka inneber at alle desse tilbydarane vert underlagde eit pristak med nedtrapping til 50 prosent asymmetri med Telenor og NetCom sine termineringsprisar frå 1. juli 2010. Vedtaka er påkлага av Barablu, NetCom, Network Norway, TDC, Tele2, Telenor og Ventelo.

### Full og delt tilgang til det faste aksessnettet (marknad 4 og 5)

PT har i 2008 gjennomført nye marknadsanalysar i marknaden for full og delt tilgang til det faste aksessnettet for levering av breibands- og telefonitenester (marknad 4, tidlegare marknad 11). Det same gjeld marknaden for tilgang for levering av breibandstjenester, inkludert bitstraumstilgang (marknad 5, tidlegare marknad 12). Telenor har sterk marknadsstilling i begge marknadene, og gjeldande regulering vil bli vidareført med nokre justeringar. Oppdaterte marknadsanalysar og varsel om vedtak vart sende ut på nasjonal høyring 22. juli med høylingsfrist 29. august. PT mottok høyringssvar frå BaneTele, Konkurransetilsynet, NextGenTel, TDC, Tele2, Telenor, Uninett og Ventelo. Utkast til vedtak vart notifisert til ESA 28. januar 2009, og PT tek sikte på å gjere vedtak kort tid etter at tilbakemeldinga frå ESA er motteken.

## Etablering av rekneskapsmessig skilje i marknad 13 og 14

PT mottok 15. september 2008 ei førebels rapportering av rekneskapsmessig skilje i marknad 13 og 14 frå Telenor for rekneskapsåret 2007. Føremålet med denne rapporteringa var først og fremst å legge eit grunnlag for rapporteringa for etterfølgjande år. PT varsla 17. desember 2008 vedtak om prinsipp for utarbeiding av rekneskapsmessig skilje i marknad 13 og 14.

## Anna regelverksarbeid

### Utveksling av nummeropplysingsinformasjon

Etter oppdrag frå SD vurderer PT gjeldande regelverk for utveksling av nummeropplysingsinformasjon, jamfør ekomforskrifta § 6-3. PT vil oversende vurderinga til SD innan utgangen av mars 2009. Arbeidet så langt viser at ein har store utfordringar med å sikre at gjeldande plikter i regelverket vert etterlevde. Ein har klare haldepunkt for at ei sentral løysing for nummeropplysingsinformasjon kan vere fordelaktig for alle partar.

### Oppdatering av desse forskriftene har starta i 2008:

- om løyve for radioutstyr i norskregistrerte luftfarty (2001): vert mellom anna oppdatert med ny lovtildeling. Referansar til regelverk frå Joint Aviation Authorities (JAA) vert erstatta med referansar til regelverk frå European Aviation Safety Agency (EASA).
- EØS-godkjenning av maritimt radioutstyr (1999): vert oppdatert fordi skipsutstyrsdirektivet (96/98/EØF), som inneholder krav til radioutstyr for bruk i farty som er omfatta av SOLAS-konvensjonen, er oppdatert i EU.

I begge forskriftene vert det tekne inn reglar om bruk av bot ved brot på forskriftene.

## La bransjenormer eller marknadskrefte verke

**Delmål 1.2:** Post- og teletilsynet skal la bransjenormer (sjølvregulering av aktørane) eller marknadskrefte verke der dette må forventast å gi like gode eller betre resultat enn regulatoriske verkemiddel.

### Ekommarknadene

#### Internasjonal gjesting

EUs regulering av internasjonal gjesting vart gjeldande for norske tilbydarar frå 15. januar 2008. PT har gjennom året følgt opp at tilbydarane følger maksimalprisane og krava om å informere sluttkundane. PT har også arbeidd aktivt gjennom ERG for at krav om sekundtaksering skal bli ein del av forordninga. Det er per i dag utsikter til at sekundtaksering vil bli innført i EU frå sommaren 2009.

#### Vidaresal av abonnement for fasttelefoni

PT har vurdert om Telenors pris på vidaresal av abonnement (VAB) er i samsvar med prisreguleringa i marknad 1 og 2, jamfør PT sitt vedtak i sluttbrukarmarknadene for fasttelefoni 21. april 2006. Vi har motteke oppdatert marginbereking frå Telenor ved to høve, med basis i selskapet sin kostnadsrekneskap for høvesvis 2006 og 2007. PT har kommentert rapportane i brev 29. mai 2008 og seinare 24. september 2008, og har i begge tilfella funne at Telenor sin pris på VAB-produktet er i samsvar med prisreguleringa.



PT skal legge til rette for konkurransen i marknadene.

#### Barablu - registrering av sluttbrukarar

PT på våren 2008 Barablu ei tvangsmulkt for å få selskapet til å oppfylle kravet i ekomforskrifta § 6-2 om eintydig registrering av sluttbrukarar. Mulkta opphørde 29. juli 2008, då selskapet stadfesta at PT sitt pålegg var oppfylt. Store delar av tvangsmulkta vart likevel ikkje innbetalt, og PT kravde derfor utlegg hos Namsfuten i Oslo. Kravet er framleis til handsaming. I september mottok PT nye klager på at selskapet sine registreringsrutinar var i strid med kravet i ekomforskrifta § 6-2. PT varsla derfor 29. oktober at tenestene til Barablu ville bli stengde dersom selskapet ikkje endra rutinane sine. Barablu gjorde i brev 14. november og e-post av 20.

november greie for kva tiltak selskapet sette i verk for å oppfylle kravet; mellom anna at Barablu-forhandlarar skulle kontrollere identiteten til kundar som ikkje er oppførte i Folkeregisteret. I brev 26. november godtok PT tiltaka, men varsla samtidig at vi ville ta nye stikkprøver for å undersøkje om tiltaka vart gjennomførte i praksis. Stikkprøvene så langt viser at Barablu har skjerpa rutinane sine for å registrere sluttbrukarar på ein eintydig måte.

### Vurdering av Lyse sin termineringspris

PT gjorde i april 2008 vedtak der Lyse Tele AS (Lyse) vart utpeika som tilbydar med sterkt marknadsstilling i marknaden for terminering i eige fastnett. Lyse vart mellom anna pålagt å ha ”rimeleg termineringspris”. Ettersom selskapet sin pris ligg omlag 100 prosent over Telenor sin regulerte pris, bad vi Lyse i slutten av november om å dokumentere grunnlaget for ein høgre termineringspris enn Telenor. Lyse si grunngiving vart motteken i januar 2009, og PT vil vinteren 2009 ta stilling til om det er grunnlag for å krevje reduksjon i Lyse sin termineringspris.

### Kostnadsrekneskap Telenor

PT mottok 30. juni 2008 Telenor sin regulatoriske kostnadsrekneskap for 2007, og ein korrigert versjon 11. juli 2008. Kostnadsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med PT sitt vedtak av 21. desember 2006 om utdjuping og presisering av prinsipp for føring av kostnadsrekneskap. PT bad om ytterlegare opplysingar om einskilde punkt, og Telenor har gitt dette i brev 15. desember 2008. Saka er med det avslutta.

### Oppfølging av rekneskapsmessig skilje i marknad 12

PT mottok 1. juli rapportering om rekneskapsmessig skilje i marknad 12 frå Telenor. Vi mottok også diverse tilleggsinformasjon som underlag for å vurdere om ikkje-diskrimineringskravet var oppfylt. PT gav tilbakemelding i brev 17. desember at vi fann det føremålstenleg å vente på vidare oppfølging fram til rapporteringa for 2008 ligg føre. PT utelukka likevel ikkje at det kan bli aktuelt å ta opp igjen einskilde forhold knytte til grunnlaget for periodisering av sals- og akkvisisjonskostnader og inntekts- og kostnadseffektane av ei såkalla ”mixed-input”- tilnærming.

### Oppfølging av rekneskapsmessig skilje i marknad 15

Telenor oversende 1. juli rapport om rekneskapsmessig skilje for MVNO-tilgang. PT meinte at rapporteringa stemde overeins med krava i vedtak 16. mai 2007 om prinsipp for rekneskapsmessig skilje. Rapporteringa er ein del av oppfølginga av reguleringa av MVNO-tilgang i marknad 15.

### Utlýsing av kapasitet til konkurrerande betal-TV-tilbod etter analog sløkking

PT gjorde 10. juni vedtak der NTV vart pålagt å lyse ut kapasitet for konkurrerande betalings-TV-tilbod tilsvarannde minimum 1,5 signalpakke. Dette er nødvendig for å oppfylle kravet i punkt 4.8 andre ledd i konsesjonen for det digitale bakkenettet. NTV og RiksTV klaga på vedtaket høvesvis 30. juni og 1. juli. PT oversende innstillinga til klagene til SD 10. september. NTV søkte 30. oktober SD og Kyrkje- og kulturdepartementet (KKD) om oppheving av pliktene som følger av konsesjonen punkt 4.8. andre ledd.



NTV konsesjonen fekk mykje omtale i media.

### Tilgang til RiksTV sine kanalpakkar

PT gjorde 2. desember vedtak mot NTV for brot på ikkje-diskrimineringskravet i punkt 4.8 første ledd i konsesjonen for det digitale bakkenettet. Vedtaket skal sikre at andre tilbydarar av såkalla kringkastarspesifikke leverandørpakkar vert sikra likeverdige kommersielle vilkår som TV2 for sal av sitt innhaldstilbod til sluttbrukarane. PT mottok 16. januar 2009 klager på vedtaket frå NTV, RiksTV og TV2.

### Telenor sine rapportar om leveringspliktige tenester

14. januar mottok PT rapport frå Telenor om leveringsplikt av offentleg betalingstelefoni for 2007. 15. januar mottok vi rapport for 2007 om leveringsplikt av ytingar til funksjonshemma og

sluttbrukarar med særskilde behov. PT har gjennomgått rapportane og sende begge over til SD til orientering 7. februar.

## Post

### Posten sin årsrapport for 2007

PT mottok ved utgangen av første kvartal 2008 Posten sin rapport om utviklinga i servicenivået for leveringspliktige tenester i 2007. PT gav sin rapport til SD i brev 25. juni 2008. Vi konkluderte med at Posten i hovudsak oppfylte konsesjonen for 2007. Kravet til framsendingstider for innanlandsk prioritert brevpost vart oppfylde for 2007 sett under eitt, med 85,1 prosent. Kravet vart ikkje oppfylt for første og fjerde kvartal 2007 isolert sett. Rapporten viste at Posten hadde 400 færre innsamlingspunkt, og det var nokså stor auke i talet på registrerte klager og reklamasjonar, særleg i første halvår 2007. Kundetilfredsleita var likevel stort sett svært god, og prisaukane for dei leveringspliktige tenestene som er omfatta av maksimalprisordninga låg innanfor pristaket både samla og for einskildsendningar.

### Framsending for A-post 2008

Krava til framsendingstider for innanlands prioritert brevpost vart oppfylde for alle kvartal i 2008 og sett under eitt for året var resultatet 87,1 %. Kravet er 85 %.

### Posten sin produktrekneskap

PT mottok Posten sin produktrekneskap for 2007 23. september 2008. Posten har framleis ei relativt høg resultatgrad for adressert brevpost utanfor einerettsområdet. Resultatet totalt sett for dei leveringspliktige tenestene utanfor einerettsområdet er likevel lik null. Samanstilt med rekneskapen for 2006 viser rekneskapen for 2007 at det har vore ein reduksjon i innteninga, og dette er i tråd med signal som Posten har gitt. Posten har i 2007 auka prisane på ei rekkje produkt, men denne auken i inntekter har ikkje overstige dei auka kostnadene. Posten viser til auka løns- og transportkostnader og auka omstillingeskostnader, og at kostnadsauken har kome trass i rasjonalisering.

PT bad i desember 2007 om informasjon om tiltak for å betre registreringa og kvalitetssikringa av trafikkdata, på grunnlag av merknader frå revisor til tidlegare produktrekneskapar. Posten svarte i brev 24. januar 2008 på dette. Revisor har ikkje kommentert desse tilhøva i sin rapport for 2007, og PT legg til grunn at dei planlagde tiltaka er gjennomførte og at dei har gitt resultat.



*Konsesjonen til Posten Noreg inneheld konkrete krav som Posten må fylle.*

### Posten sine prisendringar utanfor eineretten i 2008

Posten auka 1. januar prisane for ei rekkje leveringspliktige tenester utanfor eineretten, mellom anna for postoppkrav (5 prosent), oppbevaring av post (4,9 prosent), mellombels og varig adresseendring (9,6 prosent) og "Carry on Cash" (4,3 prosent). PT innvilga 15. april søknad frå Posten om å auke prisane for rekommenderte sendingar utover grensa for prisauke på einskildtenester i konsesjonen punkt 5.7. Dette innebar at Posten 25. juni gjennomførte ein vekta gjennomsnittleg prisauke for rekommenderte sendingar tilsvarande 39,5 prosent. Tilsvarande auka Posten 1. august prisane for svarsendingar (4,5 prosent) og Noregspakken (8 prosent) og for fleire massebrevprodukt.

## Andre aktivitetar

### Nettnøytralitet

PT har i 2008 arbeidd målretta med nettnøytralitet for å sikre at Internett skal vere ein open og ikkje-diskriminerande plattform for all kommunikasjon og innhalldistribusjon. PT publiserte prinsippnotatet om nettnøytralitet i mai og har sidan arbeidd for å forankre nettnøytraliteten mellom norske tilbydarar. Ei arbeidsgruppe leidd av PT, med deltagarar frå tolv sentrale

internetttilbydarar og innhaldsleverandørar og forbrukarstyresmaktene, har arbeidd med retningslinjer for nettnøytralitet.

### Arbeidsgruppe nummer

Arbeidsgruppe nummer er eit frivillig, ope forum for aktørar og styresmakter. På agendaen i 2008 var mellom anna rutingproblem til staduavhengige nummer frå utlandet, administrative rutinar ved portering, autoresponsesløysing for bruk ved konkurs, nummerressursar for maskin-til-maskin kommunikasjon, EØS-harmoniserte kortnummer og harmoniserte rutinar for hemmeleg nummer.

## Føre kontroll med lover, forskrifter og konsesjonsvilkår

**Delmål 1.3:** Post- og teletilsynet skal føre kontroll med at lover, forskrifter og konsesjonsvilkår blir etterlevd, inkludert framföringstid for leveringspliktige posttenester.

I forskrift 27. september 2005 nr 1094 om eltryggleik i elektronisk kommunikasjonsnett innførte PT, på grunn av stor risiko for brannfare, krav om at jordsambanda til elnettet og ekomnettet skal skiljast galvanisk. I 2008 vart dette kravet følt opp med ein informasjonskampanje i samarbeid med Elektronikkbransjen og kontollar av nettforhandlarar, butikkutsal og nye kabel-TV-nett. Kampanjen viste at butikkutsala og nye kabel-TV-nett i stor grad oppfylte krava, medan krava i mindre grad var oppfylte hos nettforhandlarane.

PT kontrollerte i 2008 37 kabel-TV-nett, vesentleg i institusjonar. Kontrollane avdekte mangefull dokumentasjon og dårlig handtering av eltryggleik i svært mange av tilfella. I mange av netta er det dessutan nytta uautoriserte installatorar. Kontrollane blir følgde opp med pålegg om utbetringar av netta og bruk av autorisert installatør.

### Posten sine framsendingstider for A-post

PT har motteke rapportar for framsendingstider for dei tre første kvartala i 2008.

Framsendingstidene for innanlandsk prioritert brevpost per kvartal var høvesvis 86,3 prosent, 87,2 prosent og 88,7 prosent. Med bakgrunn i instruks frå SD i brev 10. august 2007, er dei kvartalsvise målingane no brotne ned på regionalt nivå og offentleggjorde per kvartal saman med resultata på landsnivå. Posten rapporterte målingar for fem regionar for dei to siste kvartala i 2007 og rapporterte også per kvartal i 2008.



*PT skal føre kontroll med at lover, forskrifter og konsesjonsvilkår blir etterlevd.*

## Rask og effektiv sakshandsaming

**Delmål 1.4:** Post- og teletilsynet skal legge vekt på ei rask og effektiv sakshandsaming basert på tverrfagleg sambhandling, mellom anna på grunnlag av vegledande normer for sakshandsamingstider i saker som gjeild førebuing av klagesaker for departementet.

### Personkontroll og fritak frå teieplikt

I 2008 handsama PT omlag 1400 personkontrollsaker og rundt 1800 saker om fritak frå tilbydarane si teieplikt. I personkontrollsakene er gjennomsnittleg sakshandsamingstid 2-4 veker, medan dei fleste politisakene blir handsama same dag som vi mottek dei.

14 personar vart i 2008 nekta tryggleiksclarering av PT.

### Vedtak frå PT i 2008 som er påklaga

- 8. april om utpeiking av Lyse som tilbydar med sterkt marknadsstilling i marknaden for terminering i fastnett (tidlegare marknad 9). Lyse klaga på vedtaket 29. april, og PT sende over innstilling til SD 13. juni.
- 8. april om kjøpsplikt for tilbydarar av terminering i fastnett. Telenor klaga på delar av vedtaket 29. april. PT sende over innstilling til SD 20. juni.

- 10. juni der PT påla NTV å lyse ut kapasitet for konkurrerande betalings-tv-tilbod tilsvarende minimum 1,5 signalpakke. NTV og RiksTV klaga på vedtaket høvesvis 30. juni og 1. juli, og PT sende over innstilling til klagene til SD 10. september.
- 17. november om utpeiking av tilbydarar med sterk marknadsstilling (Barablu, Network Norway og Ventelo) og pålegg og presisering av særskilde plikter (dei same tilbydarane, i tillegg til MTU, TDC og Tele2) i marknaden for terminering i mobilnett (tidlegare marknad 16). Delar av vedtaka vart påklaga 8. desember av Barablu, NetCom, Network Norway, TDC, Tele2, Telenor og Ventelo. Innstillingane til klagene vart sende over til SD 21. januar 2009.
- 2. desember mot NTV for brot på ikkje-diskrimineringskravet i punkt 4.8 første ledd i konsekjonen for det digitale bakkenettet. PT mottok 16. januar 2009 klager på vedtaket frå NTV, RiksTV og TV2.

Som oversikta viser, har PT med eitt unntak sendt over sine innstillingar i klagesaker til SD i god tid før den fastsette fristen på to månader etter at klagan er motteken. Forseinkinga i den aktuelle saka skuldast avvikling av sommarferie.

## Evaluering av sentrale vedtak og utført tilsyns- og kontrollarbeid

**Delmål 1.5:** Post- og teletilsynet skal foreta ei kvalitativ evaluering av sentrale vedtak og konsekvensane av desse og av utført tilsyns- og kontrollarbeid.

### SMP-vedtak

I samband med nye marknadsanalysar og vurdering av verkemiddelbruk evaluerer PT tidlegare vedtak og forpliktingane som er pålagde tilbydarar med sterk marknadsstilling. Vi vurderer om forpliktingane har fungert etter føremålet, og denne evalueringa dannar grunnlaget for vidare verkemiddelbruk. I 2008 har PT gjennomgått breibandsmarknadene (marknad 4 og 5). Vi har også gjort ei evaluering i samband med at nye tilbydarar av terminering har etablert seg, både i fastnett (tidlegare marknad 9) og mobilnett (tidlegare marknad 16). Som eit resultat av dette har PT for marknad 16 presisert prisreguleringa for tilbydarar som tidlegare var underlagde krav om "rimelege priser".

## Marknadskontroll av radio- og terminalutstyr

**Delmål 1.6:** Post- og teletilsynet skal syte for ein kvalitativt god og effektiv marknadskontroll av radio- og terminalutstyr og av autorisasjonsordningar.

PT har gjennomført ei rekkje informasjons- og tilsynsaktivitetar i Agder, Finnmark, Troms og Møre- og Romsdal knytte til krava i autorisasjonsforskrifta. 31 kommunar og andre sentrale installatørar i regionen fekk umelde tilsynsbesøk. Ein del brot på forskriftene vert følgde opp vidare, og kommuneadministrasjonane er gjort medvitne om sitt ansvar som eigar av ekonnett.

PT handsama i 2008 omlag 200 autorisasjonssøknader frå installatørar av tele-, kabel-TV- og radionett.

I 2008 vart det kontrollert 29 ulike modellar av radio- og teleterminalutstyr, og 12 av dei fylte ikkje krava. Omsetnaden er eller vil derfor bli stoppa. Resultata er på line med resultat frå tidlegare år.

PT deltek i regi av R&TTE ADCO i ein europeisk marknadskontrollkampanje der ein i 2008 og 2009 skal kontrollere visse typar radioutstyr.

PT har i 2008 internevaluert det tekniske marknadstilsynet, og dette viser at tilsynet med omsetnad over Internett bør styrkast og at samarbeid med marknadskontrollmyndigheter i andre land vil bli viktigare.

## Strategisk hovudmål 2

*Post- og teletilsynet skal vere ein offensiv, synleg og lyttande aktør og drive aktivt informasjonsarbeid i marknaden.*

### Kommunikasjon med alle partar i marknaden

**Delmål 2.1:** *For å skape forståing for tilsynet si rolle og verksemeld skal Post- og teletilsynet legge vekt på kommunikasjon med alle partar i marknaden.*

PT legg vekt på at sakshandsaminga vår er transparent, og vi offentleggjer informasjon om alle våre vurderingar på heimesida vår så langt det er mogleg. Vi har jamlege møte med aktørane i ekombransjen og med Posten Noreg, for slik å hente og gi best og mest mogleg informasjon som grunnlag for våre vedtak. Vi har og faste treffpunkt med andre myndigheter, mellom anna med Forbrukarrådet (FR) og Forbrukarombodet (FO), Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonal tryggleiksmyndighet (NSM), Konkurransetilsynet (KT) og Datatilsynet (DT).

I 2008 har PT delteke med innlegg under ei rekke arrangement og seminar. Tema har mellom anna vore prinsipp for frekvensforvalting, stråling frå ekomutstyr, digital-TV, tryggleik og beredskap i nett, SMP-analysar, teknisk regelverk for nett, autorisasjonar osb. Etter flyttinga til Lillesand er slik deltaking eit prioritert område.

I juni arrangerte vi PT-forum i Lillesand, og i desember inviterte vi til Tryggleiksforum på Gardermoen.

### Aktivt ut med informasjon og faglege premissar

**Delmål 2.2:** *Post- og teletilsynet skal gå aktivt ut med informasjon og gi faglege premissar for samfunnsdebatten på sitt område, og kvart år rapportere om vidareutvikling av portalar og heimeside.*

PT har gjennomført to pressekonferansar i 2008; ekomstatistikken for 2007 og statistikk for utviklinga i ekomminknaden 1. halvår 2008. Begge vart haldne i Oslo, og over 30 personar frå media og ekombransjen deltok under begge konferansane.

Direktør Willy Jensen deltok også på ein pressekonferanse saman med samferdselsminister Liv Signe Navarsete og direktør Georg Apenes i Datatilsynet om tilsyna sine kommentarar til den såkalla "FRA-lova" i Sverige.

PT har i 2008 vidareført samarbeidsprosjekt der koordinering av informasjon har vore eit sjølvstendig mål: med Medietilsynet, NRK, TV2, FR og KKD om "Digital-TV i Noreg", med Elektronikkbransjen om galvanisk skilje (brannfare i flatskjermar) og med Agderrådet om tiltak for å tiltrekke meir kvalifisert arbeidskraft til landsdelen.

PT har publisert ein kronikk i Aftenposten om tilsyn med uferdarar av elektroniske sertifikat, etter at tryggleiken rundt dette var tema. Tryggleik og beredskap ved store utfall i netta har også fleire gonger vore tema, og PT har gjennom media gitt råd både til ekomleverandørar og brukarar.

PT har i 2008 gitt mange foredrag på Sørlandet om vår organisasjon, flyttinga og fagleg ansvar. Vi er engasjerte gjennom styreverv i prosjektet "Ungt entreprenørskap" på Sørlandet.

### Heimeside og mediedekning

465.000 besøkte heimesida til PT www.npt.no i 2008, og dette er ned 130.000 frå rekordåret 2007 og på line med nivået i 2005.

Det vart publisert 94 nyheiter, og dette er 15 fleire enn i 2007. Vi har lagt om publiseringssystemet på heimesida, slik at ein no kan abonnere på nyheitssaker etter tema. Det er likevel stor variasjon i kva slags saker som får merksemd i media og kva saker som vert forbigått i



*Samarbeid med Elektronikkbransjen om galvanisk skilje og brannfare i flatskjermar.*

det stille. Generelt er det store vedtak og klagesaker som vekkjer interesse, og i tillegg slår media opp saker der PT tek standpunkt til fordel for forbrukarane i saker om mobil, breiband osb. I 2008 samarbeidde vi med NRK/FBI om såkalla ”vennerabonnement”, og saka fekk stor merksemd både på fjernsyn og i oppfølging i avisene. I ettertid kjende Forbrukarombodet (FO) Telenor sin kampagne for vennerabonnement ulovleg. I den såkalla NTV-saka (om konkurransetilhøve i det digitale bakkenettet), påla PT NTV å lyse ut meir kapasitet for framtidige konkurrentar, og dette føerte til mange oppslag og mykje diskusjon i media. PT-forumet av året fekk også oppslag om transparens og duopol i mobilmarknaden. Vårt vedtak om senking av termineringsprisane fekk likevel lite merksemd, medan ei lita sak om reglar for innførsel av den nye mobiltelefonen iPhone gjekk landet rundt.

I PT si nettbaserte presseklipteneste vart det i 2008 registrert 2200 omtaler av PT eller PT sine nettstader i media. (*Registrerte klipp omfattar alle omtaler på nettet. Innslag i radio eller TV og artiklar om PT i media som berre er papirbaserte, er ikkje tekne med*). Dette er ein kraftig nedgang frå flytteåret 2007 (4000 oppslag), og er på nivå med åra før flytinga.

## PT sine forbrukarportalar

[www.telepriser.no](http://www.telepriser.no)

Fleire enn nokosinne har besøkt Telepriser.no i 2008 – 665.000. Dette er opp 100.000 frå 2007. Ein vesentleg del av auken må antakeleg tilskrivast at fleire mobiloperatørar brukar Telepriser i marknadsføringa si. PT følgjer bodskapane nøyne og godtek ikkje at nokon tek PT eller Telepriser til inntekt for sitt produkt, men berre gjengir fakta om plassering på lista.

Telepriser er i 2008 relansert med ny design, ny teknisk plattform og betre kalkulatorar, og var ein av ter finalistar til ”Årets netteneste” under Rosingutdelinga. Forbrukarane får no meir tydelege val fordi vi har førehandsdefinert tre typiske forbruk for både telefoni og breiband på grunnlag av tal i PT sin ekomstatistikk. Eit utviklingsarbeid for kalkulator for mobilt breiband er starta opp, og tenesta vil bli lansert vinteren 2009.

[www.bredbandsporten.no](http://www.bredbandsporten.no)

Portalen er lagd med tanke på å hjelpe både forbrukarar, utbyggjarar og det offentlege, særleg på kommunenivå, å orientere seg i det store tilboden av breibandstenester. Innhaldet blir fortløpande oppdatert, men vi meiner mykje er mindre aktuelt no enn tidlegare. Dette fordi store delar av befolkninga no har tilbod om breiband og ikkje treng same rettleiing som tidlegare. Besøkstalet fell derfor som venta, frå 13.000 i 2007 til 7.500 i 2008, i tillegg til dei som går inn via PT si heimeside. PT vil vurdere reorganisering av portalen i 2009.

[www.nettvett.no](http://www.nettvett.no)

I 2008 hadde Nettvett rundt 210 000 besøk, som er ein liten nedgang frå 2007. PT gjennomførte i 2008 ein brukartest av og ein målgruppe-workshop. Føremålet med begge tiltaka var å evaluere nettstaden for å vurdere omfattande endringar på Nettvett.no.

PT har utvikla brosjyren ”Sikker på Internett - praktiske råd for familien”, basert på gode råd frå Nettvett. Brosjyren er trykt i 15 000 eksemplar og vert delt ut til foreldre i grunnskolen av organisasjonen Barnevakten. PT har også samarbeidd med banknæringa for å leggje til rette informasjon på Nettvett for nettbankkundar.



Telepriser.no vert ofte referert i media.

Førstesiden til Telepriser.no.

## **Forbrukarkommunikasjon**

I 2008 har PT lagt om organiseringa av forbrukarkommunikasjon, og kvar avdeling handsamar no spørsmål som er knytte til sine eigne fagfelt direkte. Dette vil seie at PT har avvikla proveordninga med forbrukarvakter. Vi har følgt overgangen frå vakt til avdeling med månadlege møte, og vi har ikkje fått nokon klagar frå forbrukarane.

Vi har modifisert verktyet for registrering av førespurnader frå forbrukarar til bruk for Frekvenskontrollen, som planlegg meir systematisk registrering av sine oppdrag.

## **Nettnøytralitet**

PT har gjennom utarbeidingsa av eit prinsippnotat lagt grunnlaget for ein konstruktiv samfunnsdebatt om nettnøytralitet, for slik å skape betre forståing av problemstillingane og sikre ein meir nyansert diskusjon. Notatet har vore omtalt og diskutert i fagmedia, og PT sitt syn har mellom anna vore presentert på nettnøytralitetskonferansen arrangert av den danske IT- og telestyrelsen i København i september.

## **Mobilt breiband**

Mobilt breiband er ei relativt ny teneste som i 2008 har hatt sterk vekst og fått mykje omtale i media. På oppdrag frå PT utførte Norstat ei brukarundersøking av mobile breibandstenester. Resultata viser at brukartilfredsleita samla sett er relativt høg, sjølv om mange også uttrykkjer misnøye med opplevd overføringskapasitet. Dei fleste ser førebels på mobilt breiband som eit supplement og ikkje ei fullverdig erstatning for si faste breibandstilknyting. Men brukarar som ikkje har hatt, eller ikkje har kunna få, fast breiband, oppgir dette som viktigaste årsak til å prøve mobilt breiband.

## **Samarbeide og vere rådgivar**

**Delmål 2.3:** Post- og teletilsynet skal aktivt samarbeide med andre styresmakter og vere rådgivar for departementet.

### **Kommunikasjonskontroll**

PT har tilsyn med bransjen si oppfylling av krava til naudoppringing (ekomlova § 2-6) og i 2008 har det vore fleire møte med representantar for dei tre naudetatane som er knytte til opphavsmarkering. PT har også kontakt med SD og JD, og i 2008 har det vore diskutert om det er mogleg å innføre SMS-teneste til 110,112 og 113.

PT deltek i ”Samordningsrådet for naudkommunikasjon”. Rådet har møte to til fire gonger i året.

### **FRA-lova**

PT har på oppdrag frå SD kartlagt elektronisk kommunikasjon via Sverige på bakgrunn av ei ny svensk lov (”FRA-lova”) som opnar for overvaking av transittrafikk i andre nasjonar. Det meste av utanlandstrafikken til og frå Noreg går gjennom Sverige. PT tilrår privatpersonar og bedrifter å vere medvitne om kva elektroniske kommunikasjonstenester som vert nytta for å overføre sensitiv informasjon, og kryptere informasjonen der det er mogleg.

### **Breibandskartlegging**

PT har assistert SD og FAD i arbeidet med kartlegging av breibandsdekninga i Noreg. Teleplan har på oppdrag frå FAD utført fleire detaljerte dekningsanalysar, seinast i mars 2008, og PT har assistert Teleplan. Saman med SD og FAD har PT bestemt seg for å utføre ytterlegare kartlegging, med fokus på tilgjengeleg breibandskapasitet og valfridom for brukarane. Resultata vil liggje føre i første halvår 2009.

### **Breibandsmålar**

PT har i 2008 arbeidd med førebuingar til ein teknisk solid og brukarvennleg fartsmålar for ”den norske” delen av Internett. Prosjektet ferdigstilte kravspesifikasjonen i 2008 og vil velje leverandør våren 2009.

## **Samarbeid med andre myndigheter**

Årlege møte med andre myndigheter, både på direktør- og sakshandsamarnivå, har også i 2008 vore ein nytig arena for avklaring av ansvarsområde og faglege diskusjonar.

### **Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)**

PT har årlege samarbeidsmøte med DSB, både på direktør- og sakshandsamarnivå. Tema i 2008 har mellom anna vore såkalla samfunnskritiske brukarar, handhevinga av regelverket for EMC og utstyrstryggleik og planlegging av den store øvinga IKT08. Her deltok PT og leidde ”spelgruppe tele”. Vidare har vi rapportert til DSB i samband med einskilde større utfall i ekomnetta.

### **Noregs vassdrags- og energidirektorat**

I 2008 starta PT og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) opp eit samarbeid om regionale beredskapsøvingar. Vi planlegg tre øvingar i året, der ei regional beredskapsøving normalt vil omfatte eitt fylke.

### **Medietilsynet (MT)**

PT har i 2008 samarbeidd nært med MT om utlysningar og tildelingar av frekvensløyve og konsesjon for sendaranlegg og innhald for lokalradio.

### **Forsvaret**

PT samarbeider godt med Forsvaret for å ivareta forpliktingane Noreg har gjennom NATO-samarbeidet, og vi arbeider for at Forsvaret sine nasjonale behov for frekvensar vert tekne hand om på ein god måte. Omfanget av Forsvaret sin frekvensbruk har gjennom dette arbeidet blitt klarare enn tidlegare, og PT arbeider for at enda meir av frekvensbruken blir formalisert gjennom utferding av frekvensløyve.

### **Justisdepartementet, Forsvarets forskingsinstitutt og Norsk Romsenter**

Det er faste rutinar for korleis ein søker om kommunikasjon med satellittar frå satellittjordstasjonar på Svalbard skal handsamast; PT samarbeider med Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Justisdepartementet (JD), Utanriksdepartementet (UD) og Sysselmannen på Svalbard. Når desse har vurdert søknaden, og eventuelt finn at den omsøkte kommunikasjonen ikkje er i strid med svalbardtraktaten, vil søkeren få løyve frå PT. Sysselmannen er ansvarleg for å føre tilsyn med at vilkåra i løyva vert følgde.

### **Forbrukarombodet (FO) og Forbrukarrådet (FR)**

PT har jamlege møte med FO og FR både på direktør- og sakshandsamarnivå. I 2008 har det vore to møte på direktørnivå og to møte på sakshandsamarnivå. I tillegg har PT delteke i ei arbeidsgruppe saman med FO og FR om forbrukarmarknaden for mobiltelefoni, og ein rapport vart ferdig i januar 2009. FO og FR har også vore med i PT si arbeidsgruppe som har utarbeidd retningslinjer for nettnøytralitet.

### **Konkurransetilsynet (KT)**

PT og KT heldt sitt årlege samarbeidsmøte i Bergen 5. og 6. mai 2008. Samarbeidsavtala av 28. februar 2005 er oppdatert og signert 17. desember 2008. Dei viktigaste endringane er at retningslinene for samarbeidet om marknadsanalysar og verkemiddelbruk er slegne saman til eitt felles punkt. Vidare er beskrivinga av dei to tilsyna sine regelverk oppdatert i samsvar med endringar i lover og forskrifter.

PT har i 2008 også samarbeidd med KT om marknadsanalysar og verkemiddelbruk i marknadene for terminering i mobilnett (tidlegare marknad 16) og breibandsmarknadene (marknad 4 og 5) og i fleire enkeltsaker.

### **Rådgivar for SD**

#### **Rettssak mellom Telio og staten**

PT har i 2008 assistert SD og Regjeringsadvokaten i saka der staten var saksøkt av Telio med påstand om at tenestene sluttkundane får levert frå Telio SA i Sveits, ikkje er å rekne for ekomtenester. Saka vart utsett frå juni 2008 til januar 2009. Hausten 2008 gjorde PT vedtak om at Telio skulle betale gebyr for 2008 på grunnlag av omsetnaden for den samla tenesta, og saka vart

etter dette spissa til å gjelde spørsmål om PT sitt vedtak om gebyr er gyldig eller ikkje. Telio vann saka mot staten.

Bortsett frå denne spesielle rådgivaroppgåva går PT si rådgiving til SD fram gjennom den ordinære handsaminga av saker/oppgåver som er attgjevne elles i årsrapporten.

## Utarbeide statistikk

**Delmål 2.4:** Post- og teletilsynet skal utarbeide statistikk over aktørane i post- og telemarknaden.

### Ekomstatistikken

PT offentleggjorde ekomstatistikken for 2007 og første kvartal 2008 i mai 2008 og statistikken for første halvår 2008 i oktober 2008. For første gong publiserte PT tal for tredje kvartal for utvalde område. Desse vart publisert i desember. Data vart for første gong innhenta ved hjelp av det nye webbaserte systemet til statistikken for første kvartal 2008. Webbaseret system er no innført på alle nivå. PT samarbeider med Statistisk Sentralbyrå om innhenting av statistikk på ein del område.



### Poststatistikken

Poststatistikken for 2007 vart publisert i september 2008. PT har også levert data til den internasjonale EU-statistikken over postmarknadene i Europa.

PT sin ekomstatistikke vert fyldig omtalt.

## Medverke til å fremme norske interesser internasjonalt

**Delmål 2.5 og 2.6:** Post- og teletilsynet skal bidra til gode internasjonale relasjoner i post- og telesektoren, og nyttiggjøre seg av resultata av dette arbeidet.

*Post- og teletilsynet skal fremje norske interesser i relevante internasjonale samarbeidsorgan og halde seg oppdatert om internasjonal utvikling.*

### Globalt arbeid

#### ICANN/GAC

Gjennom ICANN/GAC<sup>1</sup> har PT delteke i arbeidet med innføringa av nye generiske toppnivådomene (gTLD). Det har vore viktig å sørge for vern av namn på land og byar (til dømes ”.oslo” og ”.noreg”). Viktige skritt for å innføre internasjonale domenenamn (IDN) for landtoppkoder vart tekne i 2008. Resurssituasjonen for IP-adresser i verda vert følgt nøye, og ulike tiltak for innføring av IPv6 blir kontinuerleg vurdert.

#### UPU

Universal Postal Union heldt sin kongress i Geneve i juli/august, og som vanleg vart hundrevis av framlegg til endringar i dei ulike rammereglane handsama. Visse endringar som gjeld ”Acts of the Union” vart også vedtekne, i hovudsak for å sikre ein klarare ansvarsdeling mellom medlemslanda og postverka i dei ulike landa. I tråd med tradisjonen om å sikre eitt nordisk land deltaking i UPU sine styrande organ (Council of Administration (CA) og Postal Operators’ Council (POC)), vart Sverige og Danmark denne gongen valde inn i høvesvis CA og POC.

#### Norsk førebuing til Verdas radiokonferanse (WRC)

International Telecommunication Union sin (ITU) Radiokonferanse WRC-11 er planlagd til siste halvdel av 2011. CEPT<sup>2</sup> har på vanleg måte starta førebuingar til denne gjennom Conference Preparatory Group (CPG) der fire undergrupper er etablerte. PT deltek i CPG og i tre av undergruppene. PT har også starta dei nasjonale førebuingane til WRC-11, og har hatt det første møtet i NORWRC-11. På dette møtet deltok representantar for ti norske interesser, i tillegg til representantar frå PT. Det blir arrangert eitt til to møte kvart år i NORWRC-11, og neste møte er

<sup>1</sup> ICANN – Internet Cooperation for Assigned Names and Numbers/GAC – Governmental Advisory Committee

<sup>2</sup> European Conference of Postal and Telecommunications Administrations

planlagt til slutten av mai 2009 i Lillesand. Til dette møtet er tre organisasjoner spesielt inviterte til å halde korte presentasjoner om sine interesser og frekvensbehov knytt opp mot punkta på agendaen for WRC-11.

## **Europeisk arbeid**

### **IRG/ERG**

I IRG/ERG har PT delteke aktivt i fleire arbeidsgrupper, mellom anna knytte til transparens for sluttbrukarar og internasjonal gjesting. Arbeid i 2008 har elles vore konsentrert om Kommisjonens komande tilrådingar om høvesvis regulering av termineringsprisar og regulering av neste generasjons aksessnett, framtidig regulering av internasjonal gjesting, endring av regelverkspakken og etablering av IRG som ei juridisk eining under belgisk jurisdiksjon.

### **EFTA og COCOM (Communications Committee)**

PT deltek regelmessig saman med SD på møte i EFTA og i COCOM. Det gjensidige samspelet med SD er viktig, både for å følge rettsutviklinga i EU og for å drøfte ei eventuell implementering av nye rettsakter i EØS-avtala og kva haldning Noreg skal ha til ulike problemstillingar/vedtak som kjem frå EU. PT bidreg i så måte til dømes til utforming av posisjonsnotat der Noreg ønskjer at EFTA skal kome med innspel til EU-kommisjonen, og vurderer grunnlaget for endring av norsk regelverk.

### **CERP**

Etter tre periodar med same formann (frå den belgiske regulatøren), vart ny formann frå den tyske regulatøren vald i 2008. CERP held to plenarmøte årleg, og PT deltek saman med SD. Møta er vurdert som nytte for å samordne europeiske tiltak, implementering av det siste postdirektivet og for å orientere om utviklinga på postområdet. Ein ny arbeids- og prosjektgruppestruktur vart også vedteken, der prosjektgruppene i større grad vil ha dedikerte og klart avgrensa oppgåver.

### **RIPE**

I RIPE<sup>3</sup> har PT delteke i arbeidsgrupper mellom anna om domenenamnsystemet og IP-adresser. Målet er å sikre at norsk policy er i tråd med tekniske krav i Europa.

### **RSC (Radio Spectrum Committee)**

PT deltek i RSC saman med SD. Tidleg i 2008 blei det gjennomført ei formell avstemming med positivt resultat om Kommisjonen sitt utkast til avgjerd om 2500–2690 MH-bandet. Dei tekniske vilkåra er ikkje problematiske for Noreg si tildeling av frekvensressursane i dette bandet. Ei avgjerd om Intelligent Transport System (ITS) er endeleg godkjend av RSC og vart sendt over til Kommisjonen for vedtak 5. august. Revurdering av UWB-avgjerala held fram i RSC, og eit fjerde mandat er gitt til CEPT. Rapporten er venta i mars 2009. RSC har også vedteke eit mandat til CEPT om revurdering av avgjerala om antikollisjonsradarar (SRR), der dei ber CEPT vurdere eit nytt mellombels frekvensband i staden for det noverande mellombels bandet rundt 24 GHz.



PT deltek i mange internasjonale fora.

### **RSPG (Radio Spectrum Policy Group)**

PT deltek som observatør i RSPG saman med SD. I 2008 var hovudaktivitetane knytte til å lage fråsegner ("Opinions") om fellesbruk av frekvensspekteret (jamfør fribruk), om "Best practices" i samband med offentlege sektorar sin bruk av spekteret, og eit forsøk på meir straumlineforming av det regulatoriske samarbeidet mellom EU, CEPT og ETSI.

<sup>3</sup> RIPE – Réseaux IP Européens

### **ECC (Electronic Communications Committee)**

PT deltek aktivt i arbeidet i ECC og dei underliggjande arbeidsgruppene. PT deltek også i nokre av prosjektgruppene under arbeidsgruppene der dette arbeidet er av særleg interesse for Noreg. PT var vertskap for ECC sitt møte i juni, og møtet vart arrangert i Kristiansand.

PT har i 2008 også vore aktiv i CEPT-arbeidsgruppa NNA<sup>4</sup>, som skal sikre europeisk harmonisert bruk av nummer, namn og adressering.

### **TCAM (Telecommunications Conformity Assessment and Market Surveillance Committee)**

PT deltek i TCAM, som er EU sin faste komité under radio- og teleterminaldirektivet (R&TTE-direktivet). Komiteen arbeider mellom anna med revisjon og tolkingar av direktivet.

### **EMC Working party**

PT deltek i EMC Working Party, som er EU sin faste komité under EMC-direktivet. Gruppa har i 2008 hovudsakeleg arbeidd med rettleiinga (Guide) til EMC-direktivet.

### **R&TTE ADC og EMC ADCO**

PT deltek også i R&TTE ADCO og EMC ADCO. Dette er grupper som skal fremje samarbeid mellom EØS-administrasjonar i samband med handhevinga av høvesvis Radio- og teleterminaldirektivet og EMC-direktivet.

### **NATO FMSC (Frequency Management Sub-Committee)**

PT deltek i NATO-gruppa FMSC som er ei undergruppe for frekvensforvalting under NATO C3 Board, som igjen er eit rådgivande organ for NATO Council og Defence Planning Committee. FMSC skal ta vare på frekvensbehovet for NATO-landa og søkje å harmonisere bruken av dei militære frekvensbanda. FMSC er ei felles sivil/militær gruppe, og PT deltek saman med ein representant frå Forsvaret.

### **Nordisk arbeid**

I 2008 har dei nordiske tilsynsdirektørane hatt eitt særskilt møte, mellom anna for å utarbeide felles nordiske standpunkt i IRG/ERG. Møtet vart halde i Lillesand i midten av august. Det er no bestemt å halde desse nordiske møta med 8-10 månaders mellomrom, og neste møte er i Stockholm i mai 2009. Behovet for særskilte møte på nordisk nivå har blitt mindre med den hyppige kontakten ein har gjennom IRG/ERG.

## **Evaluere effektane av internasjonal deltaking**

**Delmål 2.7:** Post- og teletilsynet skal evaluere effektane av internasjonal deltaking.

PT har i 2008 gjort ei kontinuerleg evaluering av arbeidet som vert utført i aktuelle internasjonale samarbeidsorgan. Det vert gjort ei prioritering med omsyn til kva grupper PT skal delta i og kor aktivt PT skal delta. Deltaking på einskildmøte blir ofte avgjort avhengig av kva som skal drøftast, og nytta for PT og Noreg blir vurdert i kvart einskilt tilfelle.

## **Sikre eit breitt kompetansetilfang, auka kvalitet på avgjerdene**

**Delmål 2.8:** Post- og teletilsynet skal trekke vekslar på ulike forskingsmiljø for å sikre at eit breitt kompetansetilfang dannar grunnlag for auka kvalitet på avgjerdene.

### **Breibandsmålar**

I samband med utvikling av PT sin breibandsmålar har prosjektgruppa hatt eit tett samarbeid med Universitetet i Oslo, ved Universitetet sitt Senter for Informasjonsteknologi (USIT). USIT opererer samtrafikkpunktet NIX1 og NIX2, der kjernekomponentane i breibandsmålaren vil vere plasserte. Vidare er prosjektgruppa i dialog med UNINETT for å vurdere mogleg teknisk driftsstøtte når breibandsmålaren er operativ.

<sup>4</sup> NNA – Numbering, Naming and Addressing

## **Debussy-prosjektet**

PT er engasjert i eit fellesprosjekt mellom Universitetet i Agder og Noregs Handelshøgskole. Prosjektet arbeider med eit teoretisk og praktisk grunnlag for framtidige forretningsmodellar basert på forskjellige nett og infrastrukturar. PT si deltaking er avgrensa til nokre finansielle middel årleg over fire år, og deltaking i ei styringsgruppe. Prosjektet kan dermed også sikre seg oppdatert informasjon om utviklinga av dei regulatoriske rammene.

## **Andre prosjekt**

PT samarbeider også med Universitetet i Agder (UiA) om to andre forskningsprosjekta; eit om effekten av flyttinga vår frå Oslo til Lilleand, og eit internasjonalt prosjekt om e-forvalting i det offentlege (eGovMon).

## **Benchmarking**

**Delmål 2.9:** Post- og teletilsynet skal foreta benchmarking i høve til søsterorganisasjonar i andre land.

### **IRG/ERG**

IRG/ERG utfører ei rekke samanlikningar av reguleringa i dei europeiske landa, og samanlikner prisar på ulike tenester. Fleire av samanlikningane vert gjort regelmessig, til dømes termineringsprisar i mobilnett og metodar for rekneskapsregulering i ulike marknader. I tillegg vert det gjort samanlikningar i samband med både utvikling og oppfølging av såkalla "Common Positions". Målsetjinga er å bidra til harmonisering av reguleringa i Europa. I 2008 har PT levert informasjon til dei aller fleste samanlikningane, mellom anna i samband med regulering av termineringsprisar, breibandsmarknadene og breibandtelefoni. PT bruker den samanstilte informasjonen i vurderinga av reguleringa i Noreg.

### **ECTA Regulatory Scorecard**

Noreg og PT har i 2008 blitt inkludert i vurderinga som European Competitive Telecommunications Association (ECTA) føretok av den regulatoriske og marknadsmessige tilstanden i dei europeiske landa. I rangeringa kom Noreg på tredje plass blant dei 20 landa som vart vurderte, bak Storbritannia og Nederland. I 2007 kom Noreg på fjerde plass. Om ein ser på den delen av undersøkinga for 2008 som rangerer tilsyna isolert, kom PT på andre plass etter Ofcom i Storbritannia. PT bruker undersøkinga som innspel i vurdering av reguleringa på område der andre land kjem betre ut enn Noreg.

### **Nordisk samarbeid**

PT har i 2008 hatt fleire møte med våre nordiske søsterorganisasjonar. Mellom anna har PT besøkt IT- og Telestyrelsen (ITST) i Danmark for å drøfte felles utfordringar innan tenesteregulering. PT har også besøkt ITST og PTS i Sverige for å dra nytte av deira erfaringar med utvikling og bruk av LRIC-modellar for fastnett. Vidare har den nordiske statistikkgruppa, der alle dei nordiske landa deltek, heldt tre møte i 2008, av desse eitt i Lillesand. Gruppa arbeider for å leggje til rette for betre samanliknbar statistikk ved utvikling og samordning av felles definisjonar og variablar. Spørsmål og avklaringar rundt mobilt breiband er eit viktig tema framover.

## **Strategisk hovudmål 3**

*Post- og teletilsynet skal sørge for effektiv og framtidsretta ressursforvalting, ved kontinuerleg å tilpasse reguleringa i tråd med samfunnsbehov og utviklinga på marknaden og av teknologien.*

## **Frekvensforvalting**

**Delmål 3.1:** Post- og teletilsynet skal syte for kvalitatirt god og effektiv frekvensforvalting.

### **Generelt om frekvensforvalting**

PT har utvikla ein brukarorientert frekvensforvaltingsmodell. Modellen er basert på at dei som nyttar frekvensar, kjenner sluttbrukarane og deira behov. Dette fremjar konkurranse mellom

tilbydarane og gjer det enklare for små og mellomstore bedrifter å ta opp kampen med store etablerte aktørar.

PT har lang erfaring med frekvensauksjonar. Denne tildelingsforma er effektiv og oppfyller kravet om objektivitet. I 2008 gjennomførte PT fire auksjonar på grunn av overskotsetterspørsel i marknaden, og vi tildelte spektrumloyve i frekvensbanda 2,6 GHz, 1795-1800 MHz og 23 GHz.

Moderne frekvensforvalting legg også opp til at frekvensressursane kan omsetjast med lite involvering frå vår side. Dei fleste frekvensloyva som PT tildeler til kommersielle aktørar kan omsetjast, både gjennom regulært sal av heile eller delar av løyvet, og gjennom utleige av løyvet. PT skal godkjenne eigarskifte av eit frekvensloyve, men utleige avtaler partane direkte. I 2008 var det eigarskifte av mellom anna frekvensloyve i 2,6 GHz-bandet, og alle innehavarane fekk dermed landsdekkjande løyve i bandet. PT ser dette som ein tydeleg indikasjon på at marknaden tek i bruk frekvensomsetnad som ein metode for å tilegne seg frekvensressursar.



PT syt for god og effektiv frekvensforvaltning.

## Mobilkommunikasjon

I tråd med prinsippet om teknologinøytral forvalting av frekvensspekteret, har PT i 2008 arbeidd for ein overgang frå GSM-spesifikke løyve til teknologinøytrale løyve i 900 og 1800 MHz-banda. Spesielt attraktivt er 900 MHz-bandet, som potensielt kan gi betre dekning for mobilt breiband med mindre investeringar enn det frekvensbandet som blir brukt i dag. Omgjering av løyva er gjort ved å konsultere marknaden, og gjennom ei open og transparent tildeling av dei ledige ressursane i 900-MHz bandet. Tildelinga resulterte i at berre dei operatørane som har løyve i bandet i dag, melde si interesse. For at PT og SD skal kunne gjere om vilkåra i løyva, er det eit vilkår at dei tre operatørane blir einige om ei innbyrdes frekvensflytting i bandet. PT vil framleis følgje denne prosessen og samarbeide med departementet i utforminga av dei nye løyva. Prosessen er venta å vere ferdig tidleg i 2010.

Prinsippa om teknologinøytralitet har også gjort at band som tradisjonelt har vore avsette til PMR-teknologi, i dag kan nyttast til å tilby annan teknologi, mellom anna teknologiar som vert nytt til å produsere mobilt breiband. Nordisk mobiltelefon Norge AS (ICE.net) søkte og fekk to nye løyve i 2008. Desse frekvensane kompletterer tidlegare løyve og aukar kapasiteten i nettet.

## Kringkasting

### • Sløkking av analog TV

Ved utgangen av 2008 hadde NRK avvikla dei analoge fjernsynssendingane i ti fylke (Rogaland, Østfold, Oslo, Akershus, Buskerud, Vestfold, Telemark, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane). Før sløkking i kvart fylke rapporterte NRK til KKD om NTV hadde oppfylt krava til dekning for basisnettet og satellittskuggenettet i tråd med konsesjonen. PT si oppgåve var å etterprøve desse rapportane. I tillegg utførte PT kontrollmålingar i Rogaland for å samanlikne berekningane med målingar av signalnivå. PT har konkludert med at NTV hadde oppfylt dekningsvilkåra i konsesjonen.

Det har vore få førespurnader i samband med sløkking av det analoge TV-nettet, men i ein skilde område har det blitt registrert därleg DVB-T-dekning. Vi har også funne nokre feil på sendarnettet til Norkring.

PT har gjennomført tilsyn med eit mindre tal på lokalkringkastarar og med frekvensbruken generelt i kringkastingsband.

### • Lokalradiotildeling

PT kunngjorde i samarbeid med Medietilsynet nye frekvensloyve og konsesjonar for sendaranlegg og innhald for ein ny periode lokalradio. PT publiserte liste over tildelte frekvensloyve, og fristen for å søkje var 22. januar 2008. 26. november gjorde KKD vedtak om at 28 konsesjonar skulle lysast ut på nytt for ny handsaming og tildeling. Etter instruks frå SD trakk PT tilbake

frekvensløyva i dei aktuelle områda, forlengde eksisterande løyve til 30. juni 2009 og kunngjorde på ny frekvensløyve for desse 28 områda. I samråd med KKD og SD kunngjorde PT ”Alltid klassisk”-frekvensane til lokalradio, og tildelte mellombels løyve for Oslo, Bergen og Trondheim med utløp 30. juni 2009 for dei frekvensane som tidlegare var nytta til ”Alltid Storting”-kanalen.

## Satellittverksemd

Sysselmannen har med assistanse frå PT og FFI gjennomført to tilsyn med satellittverksemda på Svalbard i 2008; I juni vart det funne avvik ved at operatören Svalbard Satellittstasjon (SvalSat) hadde følgt to satellittar, SAR-Lupe 4 og Radarsat 2, som Norsk Romsenter (NRS) tilsynelatande ikkje hadde nødvendig løyve til å kommunisere med. I november kom det fram at SAR-Lupe-tilfellet hadde oppstått på grunn av ei mistyding. SvalSat la fram dokumentasjon på at dei hadde løyve til å følgje SAR-Lupe, medan søknaden om forlenging var til handsaming.

Ein søknad om kommunikasjon med Radarsat-2 var under handsaming då tilsynet vart gjennomført i juni. I november vart det funne avvik ved at operatören SvalSat hadde halde fram med å følgje satellitten Radarsat-2 utan løyve også etter førre tilsyn, og heldt fram til dei fekk løyvet 10. oktober 2008. Årsaka viste seg å vere at SvalSat først fekk oversendt tilsynsrapporten frå Sysselmannen for tilsynet i juni, etter at dei hadde fått løyve til å kommunisere med Radarsat-2. På grunnlag av dette, og at SvalSat no har fått løyve til å kommunisere med denne satellitten, vil ikkje PT forfølgje denne saka. PT vil likevel arbeide for at rutinane blir betre.

Løyve gitt i 2008 til kommunikasjon med satellittar frå Svalbard, er vist i vedlegg.

## Teknisk tilsyn

- Måling av elektromagnetisk stråling**

PT har i 2008 gjennomført ei rekke målingar av elektromagnetisk stråling på grunn av uro for skadeleg eksponering. Media har i 2008 hatt fleire saker der slik uro har vore vigg stor plass, og oppmadingane om måling kjem særleg frå skolar, barnehagar osb., men også frå privatpersonar. Området vert regulert parallelt av PT og Statens strålevern, og PT har eit godt samarbeid med Strålevernet. PT har styrka instrumentering og kompetanse på fagområdet.

Mobiloperatørane etterspør no målingar frå PT fordi publikum ikkje vurderer operatørane som upartiske.

- PMR (Profesjonell Mobil Radio)**

PT har i 2008 registrert ei rekke førespurnader om forstyrringar av PMR-brukarar. Oftast er årsakene identifiserte og dei forstyrrande sendarane stansa. Tekniske feil og bruk utan lov er dei vanlegaste årsakene. Det har også vore registrert nokre saker der straumforsyninga frå lokale internettleverandørar skaper forstyrringar i VHF-bandet.

- Radioamatørar**

Det har vore fleire saker der radioamatørverksemd forstyrrar naboar. Dei fleste sakena er løyste i samarbeid mellom radioamatøren og den forstyrra parten. I ei sak som har eskalert over fleire år, vart antenneparken til ein radioamatør demontert. Plasmaskjermar har også i 2008 vore eit problem for HF-sendarar, fordi skjerme produserer eit felt som kan forstyrre radioamatørar.

PT har i 2008 arrangert fleire radioamatørekssamenar.

- Lågeffektutstyr og EMC-støy**

PT mottekk jamleg klager frå brukarar av lågeffektutstyr (433 MHz). System som videolink, verstasjonar, fjernstyringar osb. forstyrrar kvarandre.

PT har også motteke fleire klager der ”ikkje-radioutstyr” forstyrra radioutstyr. Dette gjeld til dømes radiostøy som kan blokkere apparat på sjukehus.



Det har vore mykje i media om helsefarene ved stråling.



Kontrollmåling av ein senderstasjon.

- **Fjernstyrte målestasjonar**

Det skal uplasserast fjernstyrte målestasjonar i Tromsø, Stavanger og Oslo. I 2008 er det kjøpt inn utstyr, og eigna plassering av antenner er vurdert.

- **Kontroll ved større idrettsarrangement**

PT har i 2008 gjennomført kontroll av kommunikasjonsutstyr som vert bringa inn og brukt i landet av støtteapparat til deltagarar ved større idrettsarrangement. Ulovleg bruk av frekvensar representerer ei betydeleg forstyrringskjelde for norske brukarar, spesielt når det gjeld kommunikasjon for kritisk infrastruktur.

## Nummerforvalting

**Delmål 3.2:** Post- og teletilsynet skal syte for kvalitativt god og effektiv nummerforvalting.

### Nasjonal nummerplan for telefoni, ISDN og landmobile tenester

I september avgjorde PT at geografiske telefonnummer også kan brukast til nomadisk breibandtelefoni. Det er derfor ikkje lenger nødvendig å bruke nummer frå nummerserien 85x til desse tenestene. Kravet om opphavsmarkering ved naudoppringing er uendra.

### Endringar i nummerforskrifta

Ein ny EØS-harmonisert 6-sifra nummerserie er innført med verknad frå 1. januar 2009. Ein ny 12-sifra nummerserie for maskin-til-maskin (M2M) er avsett med verknad frå 1. januar 2010. Endra avgifter for den 5-sifra nummerserien er innført med verknad frå 2009. Oversikta over avgiftene i dei ulike priskategoriene er også teken inn i forskrifta.

### Ny EØS-harmonisert 6-sifra nummerserie 116xyz

PT gjennomførte i 2008 kommisjonsavgjerd 2007/116/EF og 2007/698/EF i Noreg ved å opne den EØS-harmoniserte 6-sifra telefonnummerserien frå 116000 til 116999, som er avsett til bestemte tenester av samfunnsmessig verdi. Førebels er berre 116000, 116111 og 116123 definert. Desse nummera vart kunngjorde i desember, og frist for å søkje PT om tildeling er 16. februar 2009. Tenestene skal vere gratis å ringe både frå fast- og mobiltelefon.



Annonse for nye hjelpelefoner i Noreg.

### Maskin-til-maskin (M2M)

Ved forskriftsendringa ble det avsett ein ny 12-sifra nummerserie i nummerplanen for maskin-til-maskin kommunikasjon. Det er venta ein auke av slike tenester, og endringa inneber at det vil vere 10 milliardar telefonnummer tilgjengelege i nummerserien. PT ventar at dette er ei langsiktig løysing som forlengjer varigheita av den 8-sifra nummerplanen.

### 5-sifra nummer

Talet på tildelte 5-sifra nummer auka også i 2008. PT har i 2008 fakturert over 800 brukarar for bruksrett til slike nummer; Totalt 24,1 mill. kr, og av desse har 2,5 mill. kr gått til PT og 21,6 mill. kr til statskassa.

### Avgrensa høyring om vilkår for nummeropplysing

PT har gjennomført ei avgrensa høyring om i kva grad den særskilte reguleringa av nummeropplysingstenester er føremålstenleg og i tråd med dagens behov. PT mottok ei rekke svar, og evalueringa er ikkje ferdigstilt.

## Domenenamn og elektroniske sertifikat/signaturar

**Delmål 3.3:** Post- og teletilsynet skal syte for kvalitativt god og effektiv forvalting av domenenamn og av elektroniske sertifikat/ signaturar.

## Domenenamn

Viktige tema som har vore diskutert med ulike aktørar, SD og Norid i 2008 er private sin registreringsrett under .no, stenging av domenenamn og tiltak mot domenenamnpirateri. I september passerte talet på registrerte domenenamn 400 000.

## Elektroniske signaturar

Ved utgangen av året har dei fleste store bankane registrert seg i sjølvdeklarasjonsordninga, og talet på registrerte sertifikatutferdarar har auka frå fire til tolv. Alle registrerte utferdarar av kvalifiserte sertifikat er også registrerte i sjølvdeklarasjonsordninga.

PT arrangerte i juni 2008 møte i det Europeiske forumet for tilsyn av elektroniske signaturar (FESA) i Lillesand. 21 representantar frå 15 land deltok.

## Delta i og ha ansvar for standardiseringsarbeid

**Delmål 3.4:** Post- og teletilsynet skal aktivt delta i og ha ansvar for standardiseringsarbeid på områda for post og telekommunikasjon.

PT deltek i standardiseringsarbeidet både som nasjonalt fagorgan for post- og tele-/ekonområda i ei administrativ rolle, og som aktiv deltakar i ei fagleg rolle.

Rolla som fagorgan inneber mellom anna gjennomføring av offentleg høyring av utkast til standardar og stemmegiving ved endeleg fastsetjing av ETSI-standardar.

PT har for tida formannsvervet i to standardiseringsgrupper (kabel-TV og EMC) under Norsk Elektroteknisk komité (NEK).

Standardiseringsarbeidet er hovudsakeleg avgrensa til dei standardar som vil bli publisert i "Official Journal" som harmoniserte standardar. Desse har regulatorisk tyding og er viktige i oppfølginga av EØS-regelverket. Harmoniserte standardar blir fastsett av dei europeiske standardiseringsorganisasjonane CEN, CENELEC og ETSI, men for ein del standardar føregår det tekniske arbeidet i globale grupper som IEC, CISPR og ITU. Årsaka er ein global policy om å redusere utvikling av ikkje-kompatible regionale standardar.

## Stråling frå og standardar for ekomnett

Arbeidet med EU-kommisjonen sitt standardiseringsmandat (M 313) til ETSI og CENELEC for utarbeiding av ein harmonisert standard for ekomnett er framleis i gang.

PT deltek i standardiseringsarbeid for ekomnett gjennom IEC, CENELEC og dei nasjonale komiteane NK 25/205/209/215. Mange av dei mest sentrale standardane i serien EIN 60728, kabla distribusjonsnett, er reviderte i 2008. Gjennom eltryggleiksforskrifta har Noreg særlege nasjonale krav til tryggleik i ekomnett. Desse krava blir innarbeidde i tryggleiksstandarden 60728-11 som for tida er under revisjon.

## Grenseverdiar for stråling frå PLT-utstyr (Power Line Telecommunications)

Den globale standardiseringsorganisasjonen CISPR utarbeider forslag til grenseverdiar for leidningsbunden stråling frå PLT-utstyr. Arbeidet er vanskeleg fordi grenseverdiane på den eine sida må tilfredsstille PLT-systema sitt behov for rekkjevidd (økonomi), og på den andre sida avgrense risikoen for interferens mot radiosystem. Arbeidet omfattar krav både for utstyr i husinterne nett og for utstyr i aksessnett. Forslag til krav for utstyr i husinterne nett vil bli sendt på høyring våren 2008. Eit tillegg til CISPR 22 vil samtidig bli fastsett som tillegg til CENELEC EIN 55022, som er ein harmonisert standard under EMC- og R&TTE-direktivet.

## Nye EMC- standardar for IKT-utstyr

Nye multimedia-standardar som skal erstatte høvesvis "strålingsstandardane" CISPR 22 og CISPR 13 (audio-/videoutstyr) og "immunitetsstandardane" CISPR 20 (audio-/videoutstyr) og CISPR 24 (IKT-utstyr), er framleis under arbeid. Dei nye standardane CISPR 32 og CISPR 35, vil etter planen bli innførde som CENELEC-standardar og harmonisert i samsvar med EMC- og R&TTE-direktiva. Publiseringa av standardane vil sannsynlegvis ikkje skje før i 2010.

## **Telekommunikasjonsterminalar om bord i luftfarty og skip**

Ei arbeidsgruppe i ETSI arbeider med ein harmonisert standard for bruk av GSM om bord i luftfarty under artikkel 3.2 i R&TTE-direktivet, og med operasjonelle og tekniske krav til GSM-utstyr for installasjon og bruk om bord i luftfarty.

PT deltek også i gruppa ETSI Maritime Radio, som lagar standardar for radioutstyr til bruk om bord i skip. Standardane for naudpeilesendarar til personleg bruk og til bruk på land og sjø er for tida under revisjon.

## **Generiske standardar for radioutstyr for korthaldskommunikasjon**

Utkast til ein ny versjon av EIN 300 220 (radioutstyr i frekvensområdet 25-1000 MHz med vesentlege endringar var på offentleg høyring i 2008. ETSI mottok mange kommentarar, også fra PT. Utkastet må sendast på ny offentleg høyring, og vi reknar med at den nye versjonen kan godkjennast hausten 2009.

## **RFID**

ETSI fekk sommaren 2008 utført ein test om sameksistens mellom brikker frå forskjellige produsentar. Testen viste ingen klare problem med sameksistens, men det var klare skilnader i leseyting mellom brikkene.

## **Poststandardisering**

Det har vore to plenarmøte i CEN sin tekniske komité for poststandardisering (TC331) i 2008. Av viktige saker kan det nemnast at EU vedtok eit nytt mandat for komiteen 9. oktober. Mandatet vidarefører komiteen sitt arbeid og inneheld forslag til nye arbeidsområde, til dømes standardar om interoperabilitet. EU legg stor vekt på at alle aktørar som har interesse i postsektoren, inkludert forbrukarorganisasjonar, får hove til å gi innspel til standardiseringsarbeidet. Komiteen skal no utarbeide eit program for å følge opp mandatet frå EU. I 2008 har det vore stor aktivitet i dei forskjellige arbeidsgruppene som står for det praktiske arbeidet med å utarbeide nye og revidere eksisterande standardar. Det viktigaste arbeidet regulatorisk sett er revisjonsarbeidet av standarden EIN 13850 om måling av framsendingstid for prioriterte brev. Posten Noreg deltek aktivt i denne arbeidsgruppa, og revisjonsarbeidet av standarden er no i sluttfasen.

## **Strategisk hovudmål 4**

*Post- og teletilsynet skal legge til rette for robuste teletenester, slik at samfunnet kan fungere best mogleg i alle situasjonar.*

## **Kartlegge risikofaktorar og konsekvensar av manglande tiltak**

**Delmål 4.1:** Post- og teletilsynet skal kartlegge risikofaktorar og moglege konsekvensar av manglande tiltak.

PT henta i 2007 og 2008 inn ei mengd informasjon frå utvalde tilbydarar for å kartlegge og analysere den elektroniske infrastrukturen i Noreg. Kartlegginga dannar grunnlaget for årlege avtaler om tryggleik og beredskap mellom PT og dei tilbydarane som reknast som leverandørar av samfunnskritiske ekomtenester.

PT har gjennomført eit prosjekt saman med fylkesberedskapssjefane sitt arbeidsutval for å kartlegge kor sårbart samfunnet er som følgje av at det er avhengig av ekomtenester. Samfunnskritiske verksemder har rapportert i kva grad dei er avhengige av sine ekomtenester, og korleis desse er sikra. I tillegg har eit utval av tilbydarane blitt intervjua om beredskapsplanlegging, varsling og handtering av sine samfunnskritiske kundar.

PT har avdekt misforhold mellom den opplevde avhengigheita og den faktiske sikringa av tenestene gjennom tenestenivåavtaler og andre tryggleiksløysingar. Ekomtilbydarane peikar i tillegg på at offentleg sektor er därlegare til å sikre sine ekomtenester enn privat sektor, og at det ser ut til å vere mangel på kompetanse rundt denne type sikringar. Rapporten vil bli følgt opp med informasjonsarbeid for å synleggjere dei avdekte risikofaktorane.

## Naudpeilesendarar/blokking av naudfrekvens

PT har i 2008 oppmoda innehavarar av løyve til naudpeilesendarar som berre sender på 121,5/243 MHz til å bytte til naudpeilesendarar som sender på 406 MHz. Dette fordi Cospas-Sarsat-systemet sine satellittar etter 1. februar 2009 ikkje lenger vil fange opp signala frå naudpeilesendarane som sender på 121,5/243 MHz.

Interessa for å skaffe seg naudpeilesendarar til personleg bruk (PLB) er stor. PT har i 2008 gitt 147 nye slike løyve, mot 112 i 2007 og 79 i 2006.

PT har også i 2008 ved fleire høve assistert politiet og Hovudredningssentralane for å finne og stanse sending frå naudpeilesendarar som er kasta utan at batteriet er fjerna.

## Ta i vare tryggleik og beredskap for samfunnskritiske teletenester

**Delmål 4.2:** Post- og teletilsynet skal ved tilskot og assistanse til sentrale tilbydarar syte for at det blir sett i verk tiltak for best mogleg å ta i vare tryggleik og beredskap for samfunnskritiske teletenester.

PT har inngått avtaler med tre tilbydarar om ulike tiltak innan teletryggleik og beredskap for 2008. Alle avtalene er inngått med bakgrunn i ekomlova § 2-10, fjerde ledd, og er finansiert via PT si tilskotsordning.

Tilskotsmidla vart i 2008 løyvde slik:

- **Beredskapsforpliktingar** i krise- og beredskapssituasjonar. Føremålet er å sikre nasjonale behov for kommunikasjonsnett og -tenester i krise- og beredskapssituasjonar. Tilskotet dekte dei administrative meirkostnadene som følgde av forpliktingane.
- Avtaler om kompensasjon av meirkostnader for kjøp av **materiell** for å oppretthalde beredskapsforpliktingane, jamfør punktet over. Naudstraumsagggregat er innkjøpt, og det er utført ei rekke tilpassingar på basestasjonsmateriell for å legge til rette for tilkopling av naudstraum på utvendig monterte tilkoplingspunkt.
- **Fortifikatorisk sikring.** I 2008 kompenserte PT for EMP-relaterte tiltak med oppgraderinga av eit av Telenor sine fjellanlegg. Prosjektet held fram i 2009. Kostnadene for denne oppgraderinga er så stor at dekninga av tilbydaren sine meirkostnader blir fordelt over tre år, 2007, 2008 og 2009.

## Synleggjere resultat

**Delmål 4.3:** Post- og teletilsynet skal synleggjere resultat av arbeidet innanfor beredskap og informasjonstryggleik.

### Beredskapsøvingar

PT har i løpet av året delteke i og/eller vore med på planlegginga av øvingane IKT08/SNØ08, øvinga Tyr og ei regional øving i Buskerud. Sistnemnde var først av ei rekke regionale øvingar som NVE ønskjer å gjennomføre i tre fylker per år. PT vil bidra med ekomrelevante problemstillingar i desse øvingane.

### PT sitt Tryggleiksforum

I desember arrangerte PT Tryggleiksforum med over 50 deltakarar frå styresmaktene og bransjen. Tema var utfordringar i møtet mellom brukar og tilbydar, i tillegg til bruk av ekom i krisesituasjonar.

### Nasjonal tryggleiksdag

PT arrangerte i april Nasjonal tryggleiksdag i samarbeid med NorSIS og IKT-Norge.

Arrangementet vart opna av Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys, følgt av Willy Jensen som presenterte resultata av ei stor tryggleiksundersøking. Undersøkinga viste mellom anna at det offentlege er noko betre enn det private når det gjeld informasjonstryggleik, at mange ikkje gjennomfører risikovurderingar, og at det er manglande testing av tryggleikskopi.

## **Strategisk hovudmål 5**

*Post- og teletilsynet skal i kraft av sin fagkompetanse, personalsamansetjing og gjennom effektive interne rutinar yte god service som sakkunnig innafor post- og teleområdet.*

### **Talet på kvinner i leiinga**

**Delmål 5.1:** Post- og teletilsynet skal auke talet på krinner i leiinga.

I leiinga er seks av 22 leiarar kvinner, dvs. 29 prosent – opp frå 26 prosent i 2007. Auken er i tråd med målsetjinga om å rekruttere fleire kvinner til leiarposisjonar i PT. PT har gjennomført eit internt leiarlæringsprogram i 2008, der halvparten av deltakarane var kvinner.

### **Rekruttering, opplæring og personalutvikling**

**Delmål 5.2:** Post- og teletilsynet skal halde fram med å gjennomføre rekruttering, opplæring og personalutvikling slik at tilsynet har den nødvendige kompetanse for å kunne ta i vare oppgåvene sine både som post- og teletilsyn og i rolla som sakkunnig forvaltingsorgan.

Ved utgangen av 2008 hadde PT 155 tilsette, og av dei var 17 registrert som pendlarar. Totalt har PT tilsett 28 nye medarbeidrarar i 2008, medan 25 har slutta. Den høge personalomsetnaden har halde fram, men er noko lågare enn i 2007.



### **Representativt utval**

**Delmål 5.3:** Ved rekruttering skal det leggjast vekt på eit best mogleg representativt utval av medarbeidrarar også med omsyn til kjønnsfordeling og tilrettelegging for rekruttering av innvandrarar og personar med ulike yrkeshemmingar.

*PT legg vekt på å rekruttere brett.*

Delen av innvandrarar i PT er ved utgangen av 2008 tre prosent, tilsvarande fem tilsette. Alle er i faste stillingar. Det er tilsett fire personar med innvandrarbakgrunn i 2008. For å sikre ei aktiv rekruttering av innvandrarar blir minst ein kvalifisert søker med innvandrarbakgrunn innkalla til jobbintervju.

### **Internkontroll**

**Delmål 5.4:** Post- og teletilsynet skal ha gode rutinar for internkontroll.

PT har i 2008 dokumentert rutinar for innkjøp i samsvar med offentleg regelverk, og utarbeider prosessbeskrivingar for inn- og utgåande fakturaer, budsjettarbeid, økonomirapportering, løn- og reiseutbetalingar. Arbeidet er venta ferdigstilt våren 2009.

### **Evaluering av ressursbruk**


**Delmål 5.5:** Post- og teletilsynet skal kvart år foreta evaluering av eigen ressursbruk.

Når ein medarbeidar sluttar i PT, vurderer vi i kvart einskilt tilfelle om stillinga skal fyllast med ei ny tilsetjing. PT har også i 2008 fokusert på effektiv ressursbruk gjennom vidareføring av elektronisk arbeidsflyt av fakturaer, innføring av elektronisk arbeidsflyt av reiserekningar gjennom SAP-HR og overgang til eit fullelektronisk arkiv.

## Anna rapportering

### Sjukefråveret

Sjukefråveret i PT er lågt, også i 2008. For å halde sjukefråveret nede har PT fleire tiltak, mellom anna trening i arbeidstida, tilbod om ryggmassasje og oppfølging av ergonomi på kontorplassen til den einskilde. I tillegg til dette er det utarbeidd nye rutinar for oppfølging og handtering av sjukefråveret.



### Likestilling

Ved utgangen av 2008 var 34 prosent tilsette kvinner og 66 prosent tilsette menn. PT jobbar aktivt med å auke kvinnedelen både i leiinga og mellom medarbeidarane. PT har likevel ikkje oppnådd ein betre balanse mellom kjønna i løpet av 2008; Det er framleis få kvinnelige søkjarar til fagområda som tradisjonelt har vore dominerte av menn. Vi innkallar alltid kvalifiserte kvinnelige søkjarar til intervju til ledige stillingar.

### Miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp

PT vart 27. februar sertifisert av stiftelsen Miljøfyrtårn. PT har då oppfylt krav som dekkjer tema internkontroll HMS, arbeidsmiljø, innkjøp, avfall, energi, transport og forureining.

PT har i tillegg valt å ta med miljøfokuset inn i innkjøpspolicyen; *"I innkjøpsarbeidet skal miljoomsyn vege tungt. PT skal velje produkt som belastar miljøet så skånsamt som mogleg i omloppstida. Ved innkjøp skal det stillast miljøkrav som er i tråd med miljøpolicyen."*

Miljøfyrtårnsertifisering krev at PT følgjer opp med to nye miljøtiltak kvart år.

## Økonomi

### Kap. 1380 Post- og teletilsynet

PT si totale løyving for 2008, inkludert overførte middel, for kapittel 1380 er 246,3 mill. kr, og det vart rekneskapsført 202,4 mill. kr. Rekneskapsbeløpet fordeler seg med 157,6 mill. kr til driftsutgifter, 7,9 mill. kr til flyttekostnader, 13,9 mill. kr til større nyinnkjøp og vedlikehald og 23,0 mill. kr til tilskot til tele- tryggleik og beredskap. Nedanfor følger kommentarar til rekneskapstala fordelt på dei ulike postane.

PT har gjort greie for det store mindreforbruket ved 1. og 2. tertialrapportering i eit eige skriv til departementet. PT søker ikkje om å overføre middel på post 01 til 2009, og vil berre sökje om ei delvis overføring av ubrukte løyvingar på post 45. PT har i samråd med departementet ønskt å overføre dei ubrukta midla til reguleringsfondet. Dette vart handsama i St.prp. nr. 24 (2008-2009), der PT fekk utvida fullmakt til å overføre 35 mill. kroner til/frå reguleringsfondet.

### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	170 700 000
Overføring fra førre termin	8 532 000
Endring i løyving, jamfør St.prp.nr. 24 (2008-2009)	4 638 000
Sum løyving	183 870 000
Rekneskap	157 599 337
Mindre forbruk	-26 270 663
Motrekna kap. 4380, post 03	68 461
Motrekna kap. 4380, postane 16 og 18	1 864 717
Mindreforbruk motrekna meirinntekter og refusjonar	-28 203 841

Av rekneskapsført beløp på 157,6 mill. kr, fordeler 88,6 mill. kr seg på løn og arbeidsgivaravgift (før refusjonar), 17,8 mill. kr til reiser og liknande, 13,4 mill. kr til konsulentar, 14,5 mill. kr til kontortenester og vedlikehald/drift maskiner, 13,9 mill. kr til drift/leige av bygningar og dei resterande 9,4 mill. kr til andre driftskostnader.

Totalt utgjer mindreforbruket på denne posten 26,3 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak akkumulerte middel frå tidlegare år, som tilsynet meinte det ville vere eit behov for å bruke innanfor driftsbudsjettet, når sjølve flyttinga var gjennomført. I 2008 har PT, som i tidlegare år, brukt ressursar på konsekvensane av flyttevedtaket. Som døme kan nemnast rekrutteringsprosessar og opplæring av nytilsette med resultat i mindre aktivitet på ordinære driftsoppgåver. Dette har medført at tilsynet ikkje har vore 100 % bemanna til ei kvar tid, med resultat i lågare lønsutgifter enn føresett, lågare reiseaktivitet og mindre konsulentbistand til driftsoppgåver. Dette biletet vart tydeleg tidleg i 2008 og PT melde alt ved 1. tertial at ein ville få eit stort mindreforbruk på driftssida også i 2008.

Som meldt tidlegare blir ingen middel overført frå 2008 til 2009 på denne posten, og mindreforbruket vert balansert mot reguleringsfondet.

### *Post 22 Flytteutgifter, kan overførast*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	0
Overført frå førre termin	8 119 000
Sum løyving	8 119 000
Rekneskap	7 895 789
Mindreforbruk 2008 er søkt overført til 2009	-223 211

Av rekneskapsført beløp på 7,9 mill. kr utgjer 6,7 mill. kr løn- og personalkostnader, 0,4 mill. kr reisekostnader og 0,8 mill. kr andre driftskostnader.

PT vil også i 2009 ha utgifter relatert til Særavtala for omstilling i staten, og det vil bli søkt om overføring av ubrukt løyving på kr 223 000 til 2009.

### *Post 45 Større utgifter til innkjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	13 800 000
Overført frå førre termin	16 869 000
Sum løyving	30 669 000
Rekneskap	13 887 360
Mindreforbruk	-16 781 640
Av dette er søkt overført til 2009	-7 000 000
Av dette er overført til reguleringsfondet	-9 781 640

Av rekneskapsført beløp på 13,9 mill. kr utgjer 1,0 mill. kr kjøp av målebil, 3,6 mill. kr instrumentkjøp, 7,1 mill. kr kjøp av programvare og IT-utstyr, 1,3 mill. kr diverse investeringar og 0,9 mill. kr konsulentbruk relatert til større innkjøp.

Post 45 viser eit mindreforbruk på 16,7 mill. kroner. Dette skuldast, som for post 01, akkumulerte middel frå tidlegare år. PT ønskte på denne posten å ha ein viss reserve for å dekkje opp for eventuelle store investeringar som det ikkje ville vere nok middel til på post 22 Flytteutgifter. I tillegg viser det seg, som for post 01, at rekrutteringsprosessar, opplæring og nye leirarar medførte at det også i 2008 ikkje blei full aktivitet på investeringssida. I tillegg må det kommenterast at mykje av investeringane, særleg på IT-sida, vart dekt over post 22 sidan desse direkte var relaterte til flyttinga i 2007. Som for post 01 vart bildet tydeleg tidleg i 2008, og vi melde frå om dette mindreforbruket alt ved 1. tertial.

Mindreforbruket på til saman 16,8 mill. kr vert disponert ved at 7,0 mill. kr vert søkt overført til 2009. Dette er eit avvik frå tidlegare tertialrapportering, jf St.prp. nr. 24 (2008-2009) og skuldast større investeringsbehov til utarbeiding av LRIC-modell og nyare målebilar/instrument relatert mellom anna til digital-TV, enn tidlegare føresett. Det resterande mindreforbruket vert balansert mot reguleringsfondet.

#### *Post 70 Tilskot til teletryggleik og -beredskap*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	23 500 000
Overført frå førre termin	141 000
Sum løyving	23 641 000
Rekneskap	23 014 582
Mindreforbruk 2008 er søkt overført til 2009	-626 418

Post 70 er ein tilskotspost for tiltak innan teletryggleik og beredskap. Tilskota vert tildelt ekomtilbydarane for å kompensere for meirkostnadene som følger av avtalte tiltak mellom PT og kvar tilbydar. Dette følger av Ekomlova § 2-10, fjerde ledd.

PT inngjekk i 2008 avtaler med tre tilbydarar om ulike tiltak innan teletryggleik og beredskap.

Underforbruk på post 70 skuldast forsinka fullføring av einskilde tiltak i 2008, mellom anna montering av utvendige naudstraumtilkoplingar på mobilbasestasjonar hos ein av tilbydarane, og at ein annen tilbydar er forseinka med sine leveransar av naudstraumsutstyr. Desse tiltaka ferdigstilles i 2009.

PT søker om overføring av ubrukt løyving på kr 626 000 til 2009.

#### **Kap. 4380 Post- og teletilsynet**

Løyving etter saldert budsjett for 2008	174 500 000
Endring i løyving, jamfør St.prp.nr 24 (2008-2009)	4 638 000
Sum løyving	179 138 000
Rekneskap (inkl. adm. av 5-sifra nummerforvalting og refusjonar)	168 715 137
Mindreinntekt	10 422 863


PT har i 2008 inntektsført 168,7 mill. kr på dette kapitlet. Inkludert i det rekneskapsført beløpet er 2,5 mill. kr som er tilsynet sine administrative kostnader for 5-sifra nummerforvalting. Nedanfor følgjer merknader til inntektene fordelt på postar.

#### *Post 01 Diverse avgifter og gebyr*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	174 500 000
Endring i løyving, jamfør St.prp.nr 24 (2008-2009)	4 638 000
Sum løyving	179 138 000
Rekneskap 2008 inkludert adm. av 5-sifra nummerforvalting	166 781 959
Mindreinntekt	-12 356 041

Posten omfattar innbetalte gebyr og avgifter til PT, og utgjer 166,8 mill. Av dette utgjer 2,5 mill. kr administrasjon av 5-sifra nummerforvalting. På denne posten utgjer Tap på fordringar totalt kr. 57.516,-. PT har ei mindreinntekt på 12,4 mill. kr i høve til inntektskravet. Denne mindreinntekta må sjåast i samanheng med mindreforbruket på hovesvis post 01 og post 45, og er ei justering i høve til dette.

Gebyra fordeler seg av totalen på følgjande måte:



#### *Post 03 Diverse inntekter*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	0
Rekneskap 2008	68 461
Meirinntekt	68 461

Det er rekneskapsført 0,1 mill. kr på denne posten, og det gjeld ein refusjon frå Telenor i samband med PT si deltaking i OBAN-prosjektet.

#### *Post 16 Refusjon av fødselspengar*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	0
Rekneskap 2008	1 173 379
Meirinntekt	1 173 379

Meirinntekta gjeld refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar rekneskapsført i 2008.

#### *Post 18 Refusjon av sjukepengar*

Løyving etter saldert budsjett for 2008	0
Rekneskap 2008	691 338
Meirinntekt	691 338

Meirinntekta gjeld refusjon av sjukepengar rekneskapsført i 2008.

#### *Post 51 Til reguleringsfondet*

IB pr. 01.01.08	28 464 644
Overføring til reguleringsfondet i samband med mindreinntekt	25 629 440
UB pr. 31.12.2008	54 094 084

I 1992 vart reguleringsfondet oppretta for PT. Fondet er eit hjelpemiddel for å kompensere for tilfeldige inntekts- eller utgiftsvariasjonar, slik at kravet om full kostnadsdekning kan tilfredsstilast utan store gebyrendringar i det einskilde år.

Reguleringsfondet var ved inngangen til 2008 på 28,5 mill. kr. Det er i 2008 teke inn 12,4 mill. kr mindre enn inntektskravet på kap. 4380, post 01. Dette må sjåast i samanheng med mindreforbruket på kap. 1380, postane 01 og 45.

I St.prp.nr. 24 (2008-2009) fekk PT fullmakt til å overføre inntil 35 mill. kr til reguleringsfondet. Etter oppstillinga nedanfor vert det overført kr 25 629 440 til reguleringsfondet. Overføring til reguleringsfondet er dermed innanfor gjeldande fullmakt.

Saldoen på reguleringsfondet per 31.desember 2008 blir då 54,1 mill. kr.

Sum inntekter kap. 4380, postane 01-18	168 715 137
Sum utgifter kap. 1380, postane 01 og 45	171 486 697
Inntektsunderskot før overføringer	-2 771 560
Overført fra 2007 post 01	8 532 000
Overført fra 2007 post 45	16 869 000
Finansiering av radiostøykontrollen	10 000 000
Inntektsoverskot	32 629 440
Vert søkt overført til 2009, kap. 1380, post 01	0
Vert søkt overført til 2009, kap. 1380, post 45	7 000 000
Til reguleringsfondet	25 629 440

#### Kap. 5583 post 70 5-sifra nummerserie – forvalting

5-sifra nummerserie forvalting ekskl. 2,5 mill. overført til post 01	21 643 000
--	------------

PT administrerer ordninga med 5-sifra nummerforvalting. Frå dette kapitlet er det overført 2,5 mill. kr til kap. 4380 post 01, som gjeld refusjon for administrasjon av ordninga.

## Vedlegg

Det er i 2008 gitt løyve til kommunikasjon med følgjande satellittar:

Satellitt	Eigarforhold / Tillaten bruk
<b>CBERS-2B</b>	CBERS er eit samarbeidsprosjekt mellom Chinese Academy of Space Technology (CAST) og Instituto de Pesquisas Espaciais (INPE) i Brasil. CBERS-programmet skal bestå av fem satellittar: CBERS-1 (ikkje lenger i drift), CBERS-2, CBERS-2B, CBERS-3 (planlagt skoten opp i 2009) og CBERS-4 (planlagt skoten opp i 2011). CBERS-2B er ein jordobservasjonssatellitt som er utstyrt med tre kamera.
<b>SDS-1</b>	SDS er den japanske romorganisasjonen JAXA sitt program for å gjere satellittar meir pålitelege. SDS-1 er den første i ei rekke av testsatellittar i SDS-programmet, og utviklinga av SDS-1 satellitten tok til i 2006. SDS-1 er utstyrt med tre instrument.
<b>DEMETER</b>	DEMETER-satellitten er ein jordobservasjonssatellitt betent av CNES (French Space Agency) Partnarar i prosjektet er ESA, Polen og Japan. DEMETER skal detektere elektriske og magnetiske signal relatert til seismiske og/eller vulkanske katastrofar på jorda. DEMETER er utstyrt med fem instrument.
<b>GOSAT</b>	GOSAT er ein del av den japanske romorganisasjonen JAXA sitt prosjekt i tilknyting til GCOM (Global Change Observation Mission), og skal studere distribusjonen av drivhusgassar. GOSAT er utstyrt med to instrument som skal nyttast til å studere tettleiken av karbondioksid.
<b>TerraSar-X</b>	TerraSar-X er betent av det tyske romsenteret DLR og selskapet InfoTerra GmbH, som er eit private-public partnership mellom DLR og selskapet EADS Astrium. I dette samarbeidet er DLR ansvarleg for å ta ned data for vitskaplege brukarar, og InfoTerra til kommersielle brukarar. Alle data frå satellitten er ope tilgjengeleg på kommersielle vilkår.  TerraSar-X er ein jordobservasjonssatellitt som har som oppgåve å observere land- og sjøområda på jorda ved hjelp av ein radar. Satellitten nyttar det såkalla Syntetic Aperture Radar (SAR)-prinsippet og tek bilet av jorda ved hjelp av eit radarinstrument. Denne satellitten har i prinsippet same funksjonalitet som Radarsat og Envisat. Satellitten sitt mål er å gi betre radardekning av jorda gjennom auka tilgang til satellittbaserte radarbilete.  På grunn av nokre uavklarte spørsmål som gjeld eventuell bruk for militære forhold, har SvalSat berre fått eit førebels løyve til kommandering og mottak av statusinformasjon på S-bandet.
<b>Deimos-1</b>	Deimos-1 er ein kommersiell jordobservasjonssatellitt for jordbruk, skogbruk og miljøovervaking. Den vil også bli knytt til Disaster Monitoring Constellation (DMC). Deimos Imaging SL er operatør av satellitten.
<b>PROBA-2</b>	PROBA-2-satellitten er ein teknologidemonstrasjonssatellitt betent av ESA. Den er ein del av ESA sitt In-Orbit Technology Demonstration Programme, finansiert gjennom General Support Technology Programme. PROBA-2 har som føremål å observere sola og foreta målingar på "space plasma".

<b><u>Radarsat 2</u></b>	RADARSAT-2 er ein jordobservasjonssatellitt som er utstyrt med eitt instrument, ein Synthetic Aperture Radar (SAR), som kan ta bilete med ei oppløsing på frå 100 til 3 meter. RADARSAT-2 er eigd av det kanadiske romsenteret (CSA), og vert driven av selskapet MDA (MacDonald, Dettwiler and Associates Ltd) som også har bygd satellitten. MDA har alle kommersielle rettar til data frå satellitten.
<b><u>SAC-C</u></b>	SAC-C er eigd av NASA (USA) og CONAE (Argentina). Instrumenteringa kjem frå USA, Argentina, Danmark, Frankrike, Brasil og Italia. Instrumenteringa består av:  GPS radio okkultasjons- og refleksjonsmottakar (GOLPE).  Ein magnetometerpakke (SHM, MMP).  Ulike kamera (MMRS, HRTC, HCS) for detektering av til dømes skogbrannar.  Høgenergipartikkeldetektor (ICARE) for oppdaging av partiklar frå sola. Stjernesporar (IST), eit kamera som avdekkjer satellitten sin posisjon i rommet.  Sporingsutstyr for kvalar (tek imot telemetri frå kval som er utstyrt med GPS).  GPS (INES) for mottak om bord (høgde- og banekontroll).  Amatørradio (transponder).
<b><u>Tandem-X</u></b>	TanDEM-X er eigd av Deutsches Zentrum für Luft- und Raumfahrt (DLR) (Tyskland) og EADS Astrium GmbH (EU). DLR står også for instrumenteringa om bord, medan Infoterra GmbH (underlagt EADS Astrium) står for den kommersielle utnyttinga av data frå satellitten. Instrumenteringa består av:  "across-track interferometry". Vert nytta innan hydrologi, geologi, kartografi, ressursforvalting og oseanografi  "along-track interferometry". Vert nytta innan oseanografi og glasiologi, og til å påvise rørlege objekt/fenomen (til dømes vegtrafikkflyt).  Bi-statisk SAR. Vert nytta til fjernanalyse for å betre parameterkvaliteten (super-høg oppløsing).
<b><u>ARTEMIS</u></b>	ARTEMIS er ein geostasjonær satellitt eigd av ESA, med inklinasjon på 6 grader. Den vil derfor i delar av døgnet vere synleg frå SvalSat frå ca. 4 grader elevasjon til ca. 8 grader elevasjon. Testinga og teknologidemonstrasjonen inngår i eit forskingsprosjekt som er sett i gong av ESA, NASA, NTNU, KSAT og NRS. Føremålet med prosjektet er å karakterisere Ka-band-propageringa ved låge elevasjonsvinklar og i polare område.
<b><u>Kompsat - 2</u></b>	KOMPSAT-2 er eigd og driven av det koreanske forskingsinstituttet The Korean Aerospace Research Institute (KARI). KARI er underlagt Statsministeren sitt kontor i Korea. Satellitten er utstyrt med følgjande instrument:  Pankromatisk kamera (tek svart/kvitt bilete) med oppløsing på 1 meter. 4 bands multispektralkamera med oppløsing på 4 meter. Data frå satellitten skal nyttast til kartlegging av naturressursar, produksjon av kart og geografiske informasjonssystem og atmosfæreforskning. Data frå

	satellitten skal vere ope kommersielt tilgjengelege.
<b>Cryosat</b>	Cryosat er ein eksperimentell jordobservasjonssatellitt som er eigd og driven av Den europeiske romfartsorganisasjon ESA. Satellitten skal studere tjukkleiken på innlands- og sjøisen på jorda. Satellitten berekna oppdragsperiode er 3 år. Norsk Romsenter søker om å få frekvensar til bruk for støttetenester mot Cryosat frå Svalbard satellittstasjon.
<b>INDEX</b>	INDEX står for “Innovative technology Demonstration EXperiment small scientific satellite”. Satellitten er finansiert av det japanske romsenteret JAXA (tidlegare ISAS) og er operert av deira avdeling i Universitetet i Tokyo. Satellitten har to føremål; demonstrasjon av avansert teknologi for mikrosatellittar og observasjon av nordlys/nordlyspartiklar.  Det er to vitskaplege instrument om bord; eit multispektralt nordlyskamera med oppløsing på opptil 1,2 km og ein elektron/ion spektrumanalysator.
<b>IRC-1C /IRC-1D</b>	Satellittane IRS-1C og IRS-1D er eigde og drivne av den indiske romfartsorganisasjonen ISRO (Indian Space Research Organisation). Dei to satellittane er like i konstruksjon og er utstyrt med tre optiske instrument.  Pankromatisk kamera (PAN), biletopplosning = 5,8 meter.  Lineær biletskanner (LISS-III), biletopplosning = 23,5 meter i det synlege lyset, 70,5 meter i det infraraude området.  Vidvinkelsensor (WiFS), biletopplosning = 188m i det raude og nære infraraude området.  Data frå satellittane vert nytta til kartlegging av ressursar (mineralførekomstar, vegetasjon osb.), by og regionplanlegging og kartografi. Data frå satellittane er kommersielt tilgjengelege frå ISRO eller den indiske National Remote Sensing Agency.
<b>Cartosar/TWSAT</b>	Cartosat-2A er ein jordobservasjonssatellitt som er utstyrt med eit pankromatisk kamera som kan ta bilete med oppløsing på rundt 1 meter. TWSAT er ein demonstrasjonssatellitt for ein nyutvikla mikrosatellittbuss. Satellittane er bygde og eigde av den indiske romorganisasjonen ISRO (Indian Space Research Organisation). I LEOP-fasen skal ikkje instrumenta i satellittane vere operative.